

UNIVERSITETET I BERGEN



ÅRSMELDING

1999

Innhald

Rektors føreord	1
Oversyn over verksemda	2
Nokre hovudtal	11
Prisar	13
Bergen Museum 175 år	14
Det historisk-filosofiske fakultet	16
Det juridiske fakultet	19
Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet	22
Det medisinske fakultet	25
Det odontologiske fakultet	29
Det psykologiske fakultet	31
Det samfunnsvitenskaplege fakultet	35
Bergen Museum	39
Universitetsbiblioteket	43
Styringsorgan	45

Rektors føreord



Kirsti Koch Christensen

Kirsti Koch Christensen
Rektor

Universiteta i Noreg står overfor ein omfattande omstilling med kvalitetsutvikling og fagleg profilering som hovudmål. Dette vil blant anna innebere justeringar av forskingsverksemd og studieplassar, og auka bruk av IKT i utdanning.

Universitetet i Bergen vil satse særskilt på dei fagområda som held høgt utdannings- og forskingsmessig nivå, men som universitet må vi òg oppretthalde stor fagleg breidd. Å finne rett balanse mellom breidd og profilering, som også vil krevje nedbygging av visse fagområde, vil by på store utfordringar i tida som kjem.

Andre store utfordringar er knytte til ressursituasjonen. Med dei sær store budsjettrammene vi har hatt dei siste åra, er det vanskeleg å halde studiekvaliteten og forskingsvilkåra på eit forsvarleg nivå. Både innstillinga frå Mjøsutvalet og regjeringa si forskingsmelding, *Forskning ved et tidsskille*, syner forståing for universiteta sine problem.

For myndigheitene er lakmustesten no knytt til om dei gjev universiteta forsvarlege ressursrammer til omstillingstiltaka og den permanente verksemda.

Oversyn over verksemda

Satsing og profil

Kollegiet ved Universitetet i Bergen vedtok i mars 1999 ein ny stragisk plan. I dette viktige plandokumentet vart det streka under at kvalitet i utdanning og forskning må vere den grunnleggjande målestokken for verksemda, samstundes som institusjonen utvikla ein klårare profil i sine utdannings- og forskingsprogram.

I åra som kjem, ønskjer Universitetet i Bergen å intensivere satsinga på to viktige område. Det eine er *marin forskning*, som lenge har vore eit område der Universitetet i Bergen har særskilt spisskompetanse. Utviklinga av havbruksnæringa og utbygginga på kontinentalsokkelen har skarpt streka under trongen etter ny kunnskapsutvikling innan dei marine fagområda.

Det andre satsingsområdet er *klimaforskning*, der universitetet vil byggje ut forskning om samspelet mellom hav, luft og is. Universitetet ønskjer å etablere eit europeisk tyngdepunkt der både oseanografi og meteorologi er samla under same tak. Fagmiljøa har derfor starta arbeidet med å etablere eit senter innanfor ramma av Bjerknnessamarbeidet i klimaforskning (Universitetet, Havforskningsinstituttet og Nansensenteret). Det vil i denne satsinga også vere viktig å få greidd ut og vurdert samfunnsperpektiva knytt til mogelege klimaendringar.

Både for universitetet og samfunnet er det viktig å få mobilisert breie fagmiljø inn mot dei sentrale satsingsområda, slik at dei kan arbeide mot sams mål. Eit godt døme på dette er måten delar av informatikkmiljøet har engasjert seg på i molekylærbiologi og i marin forskning/ klimaforskning. Dermed vert den kompetansen som er bygd opp i tungrekning, også ein viktig del av den samla kompetansen i marin forskning og klimaforskning som finst i bergensmiljøet. Det ville knapt vere mogeleg for universitetet å forsvare den sterke satsinga på tungrekning hadde det ikkje vore for det potensialet som ligg i synergieffekten med marin forskning.

Universitetet har også ambisjonar om å knyte deler av samfunnsvitskapen nærare til marin næringsutvikling. Det finst alt eit prosjekt mellom Det matematisk-naturvitskaplege fakultet og Det samfunnsvitskaplege fakultet, der ein utviklar eit tverrfagleg samarbeid om forvaltninga av kystsonen.

Det humane genet vil vere kartlagt om få år, og forskarverda veit at dette må føre til eit paradigmeskifte og langt på veg ei total omstilling av medisinsk og humanbiologisk forskning og utdanning. Dette gjer at forskning som klinisk molekylærforskning og genterapi må styrkjast og studiet må leggjast om. Med auka forståing for dei grunnleggjande biologiske prosessane, vil genteknologien i større grad kunne rettast inn mot spesifikke sjukdommar.

Utviklinga innanfor molekylærmedisin vil gje nye faglege opningar, men òg føre med seg etiske dilemma for medisinsk diagnostikk og behandling. Dette er viktige utfordringar for omstillingsarbeidet på desse områda.

Det medisinske fakultet søker å samle sine sterkaste forskingsgrupper i såkalla Loci med tematiske satsingar på tvers av tradisjonelle instituttgrenser. Denne organiseringa er òg teken i bruk ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultet, som har laga ein Locus for marin forskning.

Innanfor helseøkonomi vert det tverrfaglege samarbeidet utvikla vidare i kontakt mellom fagmiljøa ved Det samfunnsvitskaplege fakultet, Det medisinske fakultet og Noregs handelshøgskole, og på område som helse, kultur og samfunn i kontakt mellom humanistiske, medisinske og samfunnsvitskaplege fagmiljø. I Helseregion Vest er det i gang eit helsefagleg samarbeid som til no er særleg konkretisert i samarbeidet med sentralsjukehusa i Førde og Stavanger og fylkessjukehuset i Haugesund om praksisplassar i medisnutdanninga.

Fleire av dei etablerte sentra er sterkt prega av internasjonal kontakt. Det gjeld t.d. Senter for internasjonal helse som har vore og er koordinator for fleire EU-finansierte prosjekt. I tillegg er sentret deltakar i andre prosjekt. Mykje av forskinga er retta inn mot den tredje verda, og på dette området har Universitetet i Bergen ein framtrudande posisjon.

På fleire av universitetet sine fagområde blir det no arbeidd med nye former for organisering av forskinga. Ei hovudline i denne omlegginga er satsing på større grupper som samarbeider om forskning på eitt temaområde. Eit døme på dette er nevropsykologi, der forskarar frå så ulike fagområde som språk, filosofi, lingvistikk, nevrokirurgi og molekylærbiologi samlar seg om eitt forskingstema. Slik forskingsorganisering skaper òg betre grunnlag for større strategiske satsingar gjennom medverknad frå eksterne finansieringskjelder.

Eit anna eksempel på samarbeid på tvers av fag og institusjonar, er satsinga i fellesskap med Norsk språkteknologi på Voss, der Universitetet i 1999 utvikla eit grunnfagstilbod i språkteknologi i samarbeid med Høgskulen i Bergen.

Ressursar

Ressursramma for Universitetet i Bergen var trong også i 1999. Budsjettet gav rom for å føre vidare den samla aktiviteten på same nivå som året før, justert for løns- og prisstigning. Dei utdanningstilboda som blei oppretta i 1998 innan IT, psykologi, medisin og helsefag, vart òg førte vidare. Rekrutteringa av nye studentar til universitetet var relativt stabil. Ved budsjettfordelinga dei siste åra har kollegiet sett av øyremarka midlar til satsing på strategisk viktige forskingsformål. Avsetjinga er auka frå 10 mill i 1999 til 12,5 mill i 2000. Universitetet har som mål å auke denne satsinga.

Studentar og undervisning

Ved Universitetet i Bergen var det i 1999 registrert i alt 16 815 studentar, medrekna 642 studentar utan studierett. Det er 92 færre studentar enn i 1998.

I fleire tiår har etterspurnaden etter høgre utdanning auka sterkt, og institusjonane har fått utvida kapasitet til både å ta imot fleire studentar og til å byggje ut utdanningstilboda. Utviklinga dei siste åra derimot viser stagnasjon i den totale etterspurnaden.

Studentinformasjon og studentmottak var eit satsingsområde for heile Universitetet i 1999. Ved dei ulike fakulteta tok studentane også dette året sjølve ansvar for å ta godt i mot nye studentar og følgje dei opp den første tida. "Fadderdagane" vart gjennomførte og koordinerte som del av studiestartvekene.

Hovudfags- og doktorgradskandidatar

I 1999 vart det uteksaminert i alt 606 kandidatar på hovudfag og mastergrad. Av desse er 65 kandidatar med mastergrad. Mengda av uteksaminerte hovudfagskandidatar har gått noko ned frå 1998 til 1999. 132 kandidatar tok doktorgrad ved Universitetet i Bergen i 1999. Dette er tre fleire enn i 1998.

Ressursinnstramminga dei siste åra har òg råka studiekvalitetsarbeidet. I særleg grad har det gått ut over den individuelle rettleiinga og smågruppeundervisninga. Tilboda om skrivetrening, semesteroppgåver m.m. er blitt redusert, og smågruppene er blitt for store til å fungere godt.

Gjennomstrøyminga på hovudfag er ikkje tilfredsstillande. For å gjere utdanningstilbodet betre, vart det etablert eit hovudfagsprosjekt. "Hovudfagsprosjektet 1999" hadde som målsetjing å leggje fram strategier for ei betre hovudfagsutdanning ved Universitetet i Bergen. Prosjektet leverte sin

sluttrapport i november 1999, og denne inkluderte framlegg til standardkontraktar for hovudfagstudentar, framlegg til standard opptaksbrev og, i samarbeid med Felles studentsystem, ei forbetra registrering som grunnlag for kontraktoppfølging og statistikkar. Fakulteta har utarbeidd sine handlingsplanar i samsvar med prosjektet sine framlegg til strategiske tiltak. Prosjektet vil verte løpande evaluert, og ein oppfølgjingsgruppe er etablert.

Frå 1999 har universitetet praktisert ein resultatbasert modell for tildeling av budsjett til fakulteta. Delar av budsjettet vert fordelt på grunnlag av oppnådde resultat i førre studieår. Det er for tidleg å seie om denne fordelingsmodellen får verknad for gjennomstrøyminga. Når det gjeld departementets resultatbaserte tildeling, vert denne ført vidare til fakulteta utan avkorting.

Tabellen viser oppnådde resultat i 1999 samanlikna med dei resultatkrava departementet har sett opp:

OPPNÅDDE RESULTAT 1999												
UiB	Lågare grad			Profesjonsfag			Hovudfag/mastergrad			Doktorgrad		
Studium	Krav	Resultat	Res.grad	Krav	Resultat	Res.grad	Krav	Resultat	Res.grad	Krav	Resultat	Res.grad
Medisin				108	103	95%				31	20	65%
Helsefag		39					5	17	340%		1	
Odont.	10	28	285%	44	38	86%	6	5	83%	4	3	75%
Realfag	1010	905	90%				215	213	99%	52	60	115%
HF-fag	1960	1726	88%				235	176	75%	18	22	122%
Samf.fag	1250	1257	101%				185	191	103%	18	15	83%
Psykologi	650	693	107%	48	60	125%	6	4	67%	10	8	80%
Jus*	400	397	99%	160	185	116%				3	3	100%
Ex.phil.	850	393	46%									
Andre	75	130	173%									
SUM	6205	5567	90%	360	386	107%	652	606	93%	136	132	97%

Nye fag/studium og endring av tilbod

I 1999 godkjende Kyrkje-, utdanings- og forskingsdepartementet etablering av hovudfag i pedagogikk (praktisk pedagogikk) og mellomfagstillegg i pedagogikk. Hovudfaget i pedagogikk er eit samarbeidsprosjekt med Høgskolen i Bergen.

Det akademiske kollegium godkjende etablering av to nye Master of Philosophy-studium i matematisk-naturvitenskaplege fag, eit tverrfagleg hovedfagsstudium i informatikk/matematikk, eitt Master of Philosophy-studium i samfunnsvitenskaplege fag, eitt Master of Philosophy-studium i historisk-filosofiske fag, storfag i russisk, grunnfag i språkteknologi, og eit etter- og vidareutdanningstilbod i skulevurdering, skuleutvikling og pedagogisk leiing. Kollegiet godkjende òg nedlegging av grunnfag i logikk.

Forsking

Forskningsaktiviteten ved Universitetet i Bergen femnar vidt og er prega av stor variasjon med omsyn til tema, finansiering og organisering. Med bakgrunn i universitetet si plassering på Vestlandet, er det lagt vekt på å følgje opp marine fagområde og fag med tilknytning til landsdelen. I

fleire tiår har utviklingsforskning og internasjonal verksemd, særleg forskning retta mot utviklingsland, fått ein stor plass.

I 1999 la regjeringa fram St. meld. nr. 39 (1998-99) *Forskning ved et tidsskille*. Forskings-meldinga varslar satsing på område som marin forskning, informasjons- og kommunikasjons-teknologi, medisin og helse og på forskning i skjeringsfeltet mellom miljø og energi. Fleire av desse fagfelte fell saman med Universitetet i Bergen sine eigne prioriteringar.

Forskningsfinansieringa byggjer på eit tett samspel mellom ordinære budsjettressursar (eigenfinansiering) og eksterne midlar. Innanfor ressurskrevjande fag, særleg i matematisk-naturvitenskaplege og medisinske disiplinar, er ekstern finansiering ein føresetnad for å kunne halde oppe omfanget av forskarutdanninga og sikre nødvendige utstyrskjøp.

Vitskaplege publikasjonar

Talet på vitskaplege publikasjonar summerte seg i 1999 til 1 848, mot 2 216 i 1998 og 2 318 i 1997.

PUBLIKASJONAR										
UiB	1998					1999				
Fakultet/avd.	Art.inter-nasj. vit. tidsskrift	Art. i nasj. vitskaplege tidsskrift	Fagl. bøker/lærebøker	Kap.fagl. bøker/lærebøker	Sum	Art.inter-nasj. vit. tidsskrift	Art. i nasj. vitskaplege tidsskrift	Fagl. bøker/lærebøker	Kap.fagl. bøker/lærebøker	Sum
HF	99	51	60	187	397	46	20	59	141	266
Mat.-Nat.	459	20	15	36	530	432	7	23	25	486
Medisin	625	98	17	90	830	563	75	7	78	723
Odont.	50	0	2	1	53	38	3	0	0	41
Samf.vit.	74	28	19	62	183	54	15	30	101	200
Juridisk	4	18	11	40	73	0	0	13	0	13
Psykologi	71	19	12	35	137	61	7	22	25	115
Univ.bibl.	1	4	3	2	10	0	0	0	0	0
Andre	0	0	0	3	3	1	0	0	3	4
SUM	1383	238	139	456	2216	1194	127	154	373	1848

* Endringar i registreringspraksis på fakultetsnivået gjer at det er færre dobbeltregistreringar i 1999 enn i 1998. Dette er ein viktig grunn til at det totale publikasjonstalet er lågare i 1999 enn i 1998.

Omstilling og rekruttering

Knappe budsjettildelingar dei siste åra har gjort det vanskeleg å leggje til rette for omstilling. Noko er likevel gjort: I 1999 vart 50 studieplassar på lågare grad omgjorde til 25 hovudfagsplassar i IT-fag.

Dei siste åra er studenttalet på ex. phil. sterkt redusert. Men å konvertere desse studieplassane til studieplassar i prioriterte studium, gjev lite resultat på kort sikt. Til dømes er årskostnadene for ein legestudent 50 gonger høgre enn for ein ex. phil.-student. Justering av studentmålet må derfor gjerast på grunnlag av reelle kostnader.

Ekstraløyvinga i 1999 på 5,75 mill. kroner til omstillingsformål og utstyr vil m.a. bli nytta til å samordne og byggje ut etterspurde tilbod og å følgje opp den nasjonale omstillingsplanen.

Dei næraste åra vil ein relativt stor del av universitetet sine tilsette nå pensjonsalder, og behovet for nyrekruttering vil bli stort.

Bygningar og lokalar

Universitetet har i bruk eit samla bygningsareal på vel 307 000 m². Det vart gjennomført fleire tiltak i 1999 for å omstrukturere bygningsmassen både ved nybygg og ombygging av eksisterande bygningar. Fleire mindre bygningar er selde, og aktiviteten er i sterkare grad samla i større og meir rasjonelle bygg.

Det er i gang arbeid med ombygging og større vedlikehald av Sydneshaugen skule og Sydneskvartalet for Det historisk-filosofiske fakultet. Rehabiliteringa av Sydneshaugen skule starta opp for fullt i 1999. Første trinn i rehabiliteringa vart avslutta i desember 1999. Bygg for biologiske basalfag fekk skote ferdig tomta i 1999, slik at betongarbeidet kunne ta til. For tilrettelegging av bygg og lokalar for funksjonshemma studentar har universitetet i 1999 brukt om lag 4,5 mill. kr.

Rekneskap 1999

Universitetet i Bergen brukte i alt 98,2 % av tildelte løyvingar i 1999. Driftsutgiftene auka med 6% frå 1998. Inkludert i dette var ein vekst i lønsutgiftene på 5,4%. Refusjonane for svangerskapspermisjon og instituttinntekter auka i 1999. I alt førte dette til at netto driftsutbetalingar i 1999 var 3,1 % høgare enn i 1998. Denne auken er i samsvar med løns- og prisveksten og tilseier at aktiviteten i 1999 var på same nivå som i 1998.

Investeringane var 46,1% høgare i 1999 enn i 1998. Auken kom på grunn av innfasing av større vedlikehalds- og ombyggingsprosjekt.

I eksternt finansiert verksemd ved fakulteta var det ein auke på 4,5% i 1999.

Stillingar

Oppgåve over heiltidstilsette, medrekna eksternt finansierte stillingar, pr. 30. september 1999 går fram av tabellen:

TILSETTE I HEILE STILLINGAR				
Årsverk per 30. sept. 1999, medrekna eksternt finansierte				
Stillingstype	Ordinært tilsette	Oppdrags-tilsette	Totalt	Kvinneprosent
Administrative	585,7	66,2	651,9	67,6
Professorar	380,4	2,0	382,4	12,5
Andre vitenskaplege	494,2	100,8	595,0	29,8
Stipendiatar	158,7	157,0	315,8	42,2
Driftstekn. og vitsk. hjelpestill.	431,2	83,8	515,1	50,7
Bibliotekstillingar	49,2		49,2	80,2
Bistillingar	21,0	4,0	25,0	5,6
Andre stillingar	20,7	7,5	28,2	53,7

Kvinner i vitenskaplege og administrative stillingar

Samla for alle stillingsgrupper er innslaget av kvinner ved Universitetet i Bergen på om lag 45 %. I dei vitenskaplege stillingsgruppene varierer kvinnedelen frå 12 % i professorata til 28 % på

mellomnivå og vel 40 % i stipendiatstillingane. I dei administrative stillingsgruppene er det 67 % kvinner. Blant mellomleiarane var 37,4 prosent kvinner; dei aller fleste i kontorsjefgruppa.

Fleksible utdanningstilbod

Om lag 2800 personar tok del i ulike etterutdanningstilbod i 1999. I underkant av 40 tilbod vart lagt til rette som etterutdanningskurs for lærarar i skuleverket. Dei fleste av dei strekkjer seg over skuleåret 1999/2000. Om lag 900 personar tek del i desse kursa.

Fagleg-pedagogisk dag i februar samla rundt 1 200 deltakarar. Satellittstøtta etterutdanning av lærarar knytt til Reform 94 (SISU) blei slutført i 1999.

Senter for etter- og vidareutdanning (SEVU), i samarbeid med fakulta, hadde i 1999 om lag 505 studentar i ulike vidareutdanningstilbod. Tilboda omfatta 440 vektal. Dei dekkjer stort sett fag og modular frå fem vektal og oppover.

Fjernundervisning

Gjennom Nornet-prosjektet har Universitetets mediesenter etablert samarbeid med ei rekkje utdanningsinstitusjonar og fylkeskommunar om utnytting av eit nasjonalt system for satellittformidling av undervisning til geografisk spreidde studiegrupper. Gruppene er lokaliserte til nær 400 skular over heile landet. Universitetet legg vekt på å følgje opp den teknologiske utviklinga m.a. ved bruk av nye interaktive undervisningsformer.

Universitetets mediesenter har ei sentral rolle i VIRTUE-samarbeidet mellom University of Maryland, Gøteborgs universitet og Universitetet i Bergen. I 1999 er det utvikla nye fjernundervisningstilbod i m.a. objektorientert programmering, helsefag, kvalitetsutvikling i helsetenesta og medievitenskap grunnfag.

Formidling

Gjennom dei siste åra er museumsverksemda ved universitetet blitt oppgradert.

Bergen museum er aktør i fleire skiftande utstillingar. I 1999 har det, i samarbeid med Akvariet i Bergen, stått for utstillinga om mennesket si utvikling. Muséet sjølv har i 1999 fullført arbeidet med eit topografisk arkiv. Dette er eit digitalisert arkiv, og det første i sitt slag i Noreg.

Bergen museum gjev ut "Bergen museums skrifter" og "Årbok for Bergen museum". I tillegg blir tidsskrifta "Unimus" og "Arkeo" gjevne ut av museet. Det populærvitenskaplege tidsskriftet "Naturen" har sitt hovudgrunnlag i verksemda ved Universitetet i Bergen.

Universitetet sine tilsette medverkar på fleire måtar i populærvitenskapleg formidling; det kan vere i form av foredrag og kronikkar eller ved medverknad i radio- og TV-program. Universitetets mediesenter har òg eit særleg ansvar for populærvitenskapleg formidling og har medverka ved fleire TV-produksjonar.

Laurdagsuniversitetet er eit samarbeid mellom Universitetet og Den Nationale Scene. Hausten 1999 var tematisk knytt til vald og valdeleg atferd. Gjennomsnittleg besøkstal var 100 mot 134 hausten 1998.

Eksternt finansiert verksemd

Rekneskapsført ved eigen institusjon

Den eksterne delen av forskingsfinansieringa, med rekneskapsføring på post 21, var i 1999 på i alt 570,2 mill. kr. I høve til 1998 er volumet auka med vel 230 mill kr. Denne auken skuldast i hovudsak endringar i føringsprinsippa. Ser vi bort frå dette, er auken frå 1998 til 1999 på om lag 30 mill. kr.

EKSTERNT FINANSIERT VERKSEMD 1999										
I BERGENSMODELLEN										
Beløp i mill. kr.	HF	Mat.Nat.	Med.	Odont.	SV	Jus	Psyk.	SIU	Andre	SUM
Noregs forskingsråd	16,2	60,3	20,8	0,08	17,8	1,1	5,3	0	0,6	122,2
Offentlege oppdragsgjevarar	15,4	17,1	13,2	3,6	10,8	0	2,9	149,5	67,5	280,0
Oppdrag frå næringslivet	0,9	33,1	10,9	8,5	2,8	0,4	2,9	0	11,5	70,9
Utanlandske oppdragsgj.	2,6	3,4	2,3	0,04	0,9	0,01	0,2	27,4	1,1	37,9
EU	1,9	16,0	11,1	0	1,8	0	0,1	21,6	2,8	55,4
Andre	0	0	0	0	0	0	0	0	3,8	3,8
SUM	37,0	129,9	58,3	12,3	34,1	1,5	11,4	198,6	87,2	570,2

Det odontologiske fakultet og Det psykologiske fakultet tek i mot pasientar i eigne klinikkar som ein del av undervisningsgrunnlaget. Det var auke i klinikkverksemda fra 1998 til 1999:

KLINIKKVERKSEMD	1998	1999
Pasientar	16 389	17 398
Konsultasjonar og behandlingar	43 539	46 502
Pasientinntekter	9 196 560	10 323 638

Deltaking i EU-finansierte forskingsprosjekt

Den EU-finansierte verksemda ved Universitetet i Bergen er i inneverande periode på om lag 90 mill. kroner, fordelt på 67 kontraktar. Av dette hadde universitetet koordinatoransvar for 22 kontraktar. I 1999 var den økonomiske ramma på om lag 62 mill. kr. Størstedelen av kontraktane er organiserte i Bergensmodellen og rekneskapsførte på post 21; i 1999 med i alt 55,4 mill. kr.

Randsoneinstitusjonar

Verksemda ved forskingsstiftinga Universitetsforskning Bergen (UNIFOB) hadde i 1999 eit samla volum på om lag 160 mill. kroner, ein auke på om lag 7 % i høve til 1998. Stiftinga Industrilaboratoriet hadde eit budsjett på 5,7 mill. kr. i 1999.

FORSKINGSSTIFTINGA UNIFOB

INNTEKTER I 1999

Beløp i tusen kroner	1998	1999
Noregs forskingsråd	40 650	50 193
Offentlege oppdragsgjevarar	54 034	44 899
Oppdrag frå næringslivet	17 874	16 976
Utanlandske oppdragsgj.	8 410	4 631
EU	6 152	6 649
Andre	21 577	36 301
SUM	148 697	159 649

Entreprenørskap

Gjennom forskingsstiftinga UNIFOB deltek universitetet i Forskringsrådet sitt program for forskingsbasert nyskaping (FORNY). Universitetet har initiert i alt 27 prosjekt. Av desse er ti realisert ved etablering av fem selskap og fem lisensavtalar.

Det er oppretta eit aksjeselskap, FORINNOVA, som er eit samarbeidsprosjekt mellom Høgteknologisenteret i Bergen (HIB) og UNIFOB. Universitetet har avtale med dette selskapet for å kunne kommersialisere forskingsresultat som universitetsforskarane har fått fram.

Noregsnettet

Samarbeidet mellom Universitetet i Bergen og høgskulane på Sør- og Vestlandet vart vidareført i 1999. Som del av forskarutdanninga vil universitetet halde fram med å tilby kurs i vitskapsteori.

Ein av universitetet sine noregsnettstipendiatar disputerte for doktorgraden i 1999, og to til vil venteleg disputere tidleg i 2000. Ein noregsnettstipendiat vart tilsett innanfor sjukepleievitskap, og det blir førebudd tilsetjing av noregsnettstipendiatar i fagområda informatikk, informasjonsvitskap og arbeidslivpsykologi.

Internasjonalt samarbeid

Universitetet i Bergen er ein stor operatør i NUFU-programmet, som er eit program for kompetanseutvikling gjennom institusjonelt samarbeid med utvalde institusjonar i u-land. I tidsrommet 1992-99 har Universitetet i Bergen hatt om lag 35 % av NUFU-programma.

Universitetet tek del i EUs 4. rammeprogram for forskning, og forskarar frå universitetet medverkar i 84 prosjekt, 24 av desse er koordinerte ved Universitetet i Bergen. Samla budsjett for universitetet sin del er på om lag 120 mill kroner.

Bergen har vore hovudbase for to såkalla *large-scale-facilities* i 1999: *Marine Pelagic Food Chain* ved Institutt for fiskeri- og marinbiologi i samarbeid med Havforskingssinstituttet; og *NSD ACCESS*, som er knytt til Norsk samfunnsvitskapleg datateneste. Innanfor EUs 4. rammeprogram er det berre tre universitet i Europa som har to eller fleire slike senter for framifrå forskning. Programmet *Marine Pelagic Food Chain* har endra navn til *Bergen Marine Food Chain* og har ei ramme på 900 000 ecu. Programmet vil halde fram til 2002. I tillegg har Fysisk institutt fått støtte til *Bergen Competitive Physics Laboratory*, eit "research infrastructure"-program innanfor atomfysikk.

I 1999 tok Universitetet i Bergen imot 618 studentar i formaliserte utvekslingsprogram med utanlandske institusjonar, medan 576 av universitetet sine studentar reiste til utlandet. ERASMUS-programmet står for den største delen av utvekslinga.

Senter for internasjonal helse koordinerer ein stor prosjektportefølje og fleire utdanningsprogram retta mot land i Den tredje verda. Senteret har engelskspråkleg forskarutdanning innafor fag ved Det medisinske fakultet og Det odontologiske fakultet.

Helse, miljø og tryggleik

Universitetets avdeling for helse, miljø og sikkerhet (HMS) driv systematisk HMS-arbeid I 1999 er det m.a. utarbeidd handlingsplan for utvikling av helse, miljø og tryggleik i 2000-2002. Det er gjennomført ei samordning av rutinane for internkontroll ved Universitetet i Bergen og Haukeland sjukehus. Det er halde kurs i strålevern, og utarbeidd eiga handbok i strålevern. Retningslinene for oppfølging ved sjukefråver er revidert. I 1999 vart framlegg til handlingsplan for funksjonshemma studentar lagt fram. Planen skal til handsaming i ulike organ våren 2000.


Lærlingeplassar

Ved Universitetet i Bergen er det oppretta 28 statlege lærlingeplassar. Våren 2000 har universitetet 24.

Nokre hovudtal

HOVUDTAL FOR UNIVERSITETET I BERGEN 1999					
	1996	1997	1998	1999	Kommentarar
Studentar	17 686	17 243	16 904	16 815	Studentar med/utan studierett
Årsverk per 30. september					
Ordinær verksemd	2 099,3	2 100,9	1 122,2	2 141,1	Alle stilingar, også bistilingar
Oppdragsverksemd	287,0	320,6	346,4	421,4	Oppdragsstillingar
Rekneskap utgiftskap.*					
Ordinær verksemd	1 099,2	1 096,4	1 135,7	1 121,7	Utgifter kap. 261 (eks. post 21), 3261 (eks. post 1) og 281
Oppdragsverksemd	274,7	326,1	340,1	571,1**	Utgifter kap 261, post 21

* i mill. kr.
 ** Auken frå 1998 til 1999 skuldast i hovudsak endringar i føringspraksisen. Den reelle auken fra 1998 til 1999 er på om lag 30 mill. kr.



REKNESKAP*- brutto utgifter på kap. 261 og 281 i mill. kr.***1999**

Løn	819,0
Drift	351,1
Store nyinnkjøp	80,8
Kjøp av eiendommar	15,5
Tilskot kommunalt sjukehus	2,9
Oppdragsverksemd	571,1
SUM	1 840,4

AVLAGDE VEKTTAL*(totalt, inkl. gjentak og privatistar)*

Kjelde: DBH	Årseiningar	Vekttal
1993	8 887,75	177 755
1994	9 682,45	193 649
1995	10 350,95	207 019
1996	10 339,95	206 799
1997	10 073,17	201 463
1998	9 828,63	196 573
1999	9261,47	185 229

Prisar

Meltzer-prisen for yngre forskarar vart i 1999 gjeven til dr.scient. Kenneth Hvistendahl Karlsen ved Matematisk institutt og dr. oecon. Gaute Torsvik ved Institutt for økonomi/LOS-senteret. Kvar av prisvinnarne fekk tildelt kr 100 000.

Formidlingsprisen på kr 100 000 vart tildelt professor Gunnar Danbolt ved Institutt for kulturstudier og kunsthistorie.

Professor dr. med. Roald Matre fekk Søren Falch og øienlæge Sigurd Falchs pris for 1999 på 200 000 kroner. Matre fekk prisen for si leiारrolle innafor norsk og internasjonal immunologisk forskning.

Dr. med Pål Rasmus Njølstad fekk Søren Falch og øienlæge Sigurd Falchs juniorpris for unge forskarar i 1999. Njølstad fikk prisen for si forskning på ei rekkje viktige sjukdommar som mellom anna sukkersjuka og vekstforstyrningar.

Den norske kreftforening tildelte Kong Olav Vs kreftforskningspris 1999 til professor dr. med. Per Eystein Lønning. Lønning fekk prisen på 500 000 kroner for si forskning innanfor brystkreft.

Monrad Krohns pris for nevrologisk forskning gjekk i 1999 til Christian Vedeler og Trond Strand.


Professorene Gunnar Skirbekk og Nils Gilje fekk Tønnes Andenæs-prisen frå Universitetsforlaget for lærebøker i filosofihistorie.

Professor Anders Johansen:

Bergen Museum 175 år

Da Bergen Museum ble til, brakte det noe nytt og forbløffende til byen - ja til hele landet. De fjerneste strøk og tider ble tilgjengelige, på et vis, gjennom denne samlingen av sjeldne og merkelige gjenstander. Under den tids betingelser for kommunikasjon må det nye museum ha betydd en veldig utvidelse av opplevels- og fantasimulighetene. "De gamle tusindårige Gravhøie have aabnet deres Skjød for at berige os med sine hensmuldrende Urner og Sverd", utbrøt en av de tidlige besøkende, aldeles henført. "Ægyptens Hvælvninger have ladet sine Beboere flytte til Norden, Havet har sendt sine Monstra, Indianeren sin Piil, den tropiske Himmel sine purpur- og mangefarvede Fugle."

Det var noe i retning av et raritetskabinett han hadde sett, denne mannen, tidlig på 1830-tallet. I dag er Bergen Museum noe ganske annet. Først og fremst forskes det her. Samlingene er arbeidsredskaper for moderne vitenskapelige studier i en rekke natur-og kulturfag. Vi er godt i gang med å legge det hele inn på data og ut på nett, for å gjøre det mer tilgjengelig for det internasjonale forskersamfunn. Det er litt av et arbeid, for samlingene er store: 40 % av alt museumsmateriale i hele landet befinner seg ved dette ene museet. Men vi har i alle fall tatt fatt på denne oppgaven med å bygge hva vi ser for oss som et museum-uten-vegger: Et elektronisk museum der ikke bare forskerne, men også det alminnelige publikum, vil ha tilgang til selve kunnskapskildene - fra de fjerneste strøk og, om de vil, til de merkeligste tider.



Fra kirkesamlingen.

Bergen Museum er gammelt, det står på terskelen til noe helt nytt. Men egentlig har vår informasjons- og kommunikasjonssituasjon endret seg drastisk for lenge siden. Havets Monstra og Indianerens Piil er ikke helt de samme attraksjonene lenger, etter at filmen og fjernsynet og masseturismen kom til. Dette er vi nå i ferd med å ta inn over oss til fulle, omsider. Museet er, som et av de riktig gamle medier, nødt til å ta denne utfordringen fra de nye. Men på samme måte som andre gamle medier - som maleriet, teateret - skal vi gjøre det,

ikke bare ved å ta opp i oss det nye, men også ved å dyrke fram det som vårt eget medium, og kanskje bare det, kan bidra med.

Det lages dokumentarfilm her ved museet i dag, det lages læremidler på CD-ROM, vi har fått en egen IT-avdeling, for tiden vises en utstilling om Internett i samarbeid med Kulturbyen Helsingfors. Men mens vi står midt oppe i alt dette skal vi huske tilbake i vår lange historie, til det som fortryllet de første besøkende. Museet har en framtid, tror jeg, hvis det klarer å ta vare på fascinasjonen for gjenstandene, og videreutvikle utstillingens helt konkrete språk.

I 1841 foretok Ivar Aasen en reise til Bergen. Da besøkte han museet. "I et stort Værelse er adskillige gamle Malerier", noterte han, og "en Mængde Steenvaaben fra Oldtiden, nogle Dyr og Skjeletter, samt en stor Mængde Insekter." Framfor denne samlingen var han fullstendig fortapt. "Reptilier i Spiritus", skrev Aasen, "Vaaben fra de Vilde i Amerika". Men "det skjønneste av alt er dog Kolibriene."

Ved denne jubileumsmarkeringen vil jeg få framføre det ønske at folk, også etter at IT-revolusjonen har feid gjennom vårt museum, vil kunne la seg fortrylle på denne måten: "Skjønnest av alt er dog Kolibriene".



Fra Sydhavssamlingen.

Bergen.

Denne historien blir fortalt i en bok om stillehavssamlingen vår, som vi nylig fikk utgitt: Knut Mikjel Rios "Oceania gjenoppdaget i Bergen". Her framgår det også hvordan resten av samlingen kom til, ved gaver fra norske sjømenn som fra tidlig på 1800-tallet tok del i hvalfangsten i Stillehavet, i transporten av tømmer til Australia, i handelen med kopra og guano på de mange små øyene. Det er noen kapitler av norsk sjøfartshistorie som er blitt gravet ut av denne samlingen. Det er også noen kapitler av historien om hvordan kunnskapene har forandret seg, sammen med våre oppfatninger av Norges plass i verden og vårt forhold til de eksotiske Andre.

Bergen Museum representerer norsk kulturhistorie gjennom 175 år. Boken om stillehavssamlingen gir eksempel på en type kunnskapsarkeologi som jeg tror at det ennå er mange rike, utforskete kilder til i museets gamle samlinger.

Bergen Museum er gammelt - og det er helt nytt. Da Universitetet i Bergen ble til rett etter siste krig, var det med denne eldre institusjon som fundament. Det neste halve århundre må på mange måter regnes som en forfallsperiode: Da Bergen Museum ble gjenopprettet for en prøveperiode fra midt på 1990-tallet, var det for å gjøre opp for lang tids forsømmelse. Den nye organisasjonen ble sett som et redskap til å få et samlet grep om ulike institutters museumsenheter, og som et middel til å få dem økonomisk på fote.

Noen av de aller første gjenstander som kom til museet stammer fra admiral d'Entrecasteaux' ekspedisjon til Sydhavet tidlig på 1790-tallet. Han var blitt sendt avsted for å finne ut av et spørsmål som opptok revolusjonstidens Frankrike ganske mye, nemlig om det kunne være noe i ryktene om Den edle villmann og det gode liv i pakt med naturen. Han gjorde seg noen bitre erfaringer, ekspedisjonen gikk sørgelig i oppløsning. Men samlingen havnet hos guvernøren for den danske kolonien Trankebar, og siden hos Christie her i



Fra hvalsamlingen.

måten. Men resultatet av femti års forsømmelse er ikke bare et problem for Universitetet i Bergen. I Norge faller det på universitetsmuseene å ivareta oppgaver som andre steder tilkommer nasjonalmuseene. Derfor er det også et ansvar for de sentrale politiske myndigheter å se til at det blir tatt et krafttak for å sette samlingene i forsvarlig og tidsmessig stand. Disse samlingene er ikke bare vitenskapelige ressurser, av interesse for spesialistmiljøer i inn- og utland. De er også en rik og mangartet beholdning av kulturelle ressurser som er av betydning for hele det norske samfunnet.

I anledning 175-års-jubileet er det grunn til å uttrykke håp om at museet vil kunne hente inn igjen det femtiårige etterslep, komme på høyde med sin tids krav til dokumentasjon og formidling, realisere de muligheter som ligger i samlingene - slik at det på ny skal bli mulig å si at det betyr en virkelig utvidelse av opplevelses- og fantasimulighetene. Et slikt håp står og faller med viljen til samordnet innsats fra de sentrale myndigheter for forskning, miljø og kultur.

Samorganiseringen av universitetets museumsenheter ble den gang begrunnet i et presserende behov for opprusting og fornying. Bygninger, magasinforhold og utstillinger var i til dels sørgelig forfatning. Selv om en god del er blitt utrettet i løpet av siste femårsperiode, gjenstår mye før en kan si at museumsvirksomheten er av en standard som passer seg for et moderne universitet. For museets personale er det et hovedproblem at uerstattelig materiale av betydelig vitenskapelig og kulturhistorisk verdi ikke blir forsvarlig ivaretatt. For publikum er det åpenbart at mange av våre basisutstillinger overhodet ikke på høyde med sin tid, verken når det gjelder tematikk eller utstillingsteknikk. Av økonomiske årsaker er alle planer om modernisering av disse utstillingene blitt utsatt på ubestemt tid - til tross for at noen av avdelingene nå har stått mer eller mindre som de er helt siden det 19. århundre.

Museet er det første man ser når man kommer opp på universitetshøyden. Dette er universitetets ansikt utad. Universitetet kan ikke godt fortsette å presentere seg på denne

Det historisk-filosofiske fakultet

FAKULTETET I TAL		
Det historisk-filosofiske fakultet	1998	1999
Reg. stud. inkl. dr.grad i haustsemesteret *	4 255	4 131
Kandidater på høgre grad		
Cand. philol.	180	152
Cand. polit.	7	8
Mastergrad	13	16
Doktorander		
Dr. art.	20	16
Dr. philos.	7	6
Vitskaplege publikasjonar **	397	266
Tilsette årsverk pr. 30.9.		
Ordinære stillingar (kap. 261 og 281)		
Vitskaplege/rekruttering	251	253
Teknisk/administrative	80	77
Oppdragsstillingar (Bergensmodellen)		
Vitskaplege/rekruttering	33	36
Teknisk/administrative	4	17
Rekneskap (mill. kr.) ***		
Ordinær verksemd (kap. 261, 3261 og 281)	123,3	145,8
Oppdragsverksemd (Bergensmodellen)	21,3	36,8

* *Ikkje medrekna studentar som berre tek ex.phil (98: 837 – 99: 684).*
** *Artiklar i internasj. tidsskrift, faglege bøker/lærebøker og kap. i faglege bøker/lærebøker.*
*** *For 1999 er arbeidsgjevaravgift (14,1%) teke med i rekneskapstala.*

Fakultetet har i 1999 særleg arbeidd med:

- oppfølging av *Handlingsplan for forskarutdanning*
- forskings- og utdanningsstrategiar
- vidareutvikling av IKT-basert undervisning
- instituttevaluering
- samordning av undervisning på hovudfagsnivå på språkfag
- nytt førstesemesterstudium
- omstillingstiltak
- administrativt utviklingsarbeid
- hovudfagsprosjektet

Studentar

Dei siste åra har det vore nedgang i studenttalet på lågare grad, det gjeld også for 1999. Talet på studentar på examen philosophicum har også gått ned dei siste semestra. Det har vore nedgang i talet på hovudfagsstudentar. Talet på registrerte doktorgradskandidatar er stabilt og ligg på eit høgt nivå.

Til det regulerte faget humanistisk informatikk har fakultetet opptak to gonger i året med eit samla opptakstal på 140.

Utvikling av studieprogramma

Våren 1999 la ei arbeidsgruppe fram ei innstilling med forslag om eit førstesemester bestående av *examen philosophicum* (5 vektal), *fonetikk og lingvistikk* eller *tekst og kultur* (3 vektal) og *akademisk skriving* (2 vektal). Førstesemesterstudiet ved fakultetet vil dermed få ein struktur som er kompatibel med dei andre universiteta.

Fakultetet har arbeidd med å styrke utdanninga innan informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT), mellom anna ved samarbeid med SV-fakultetet om eit sams innføringsemne på lågare grad. Fakultetet fekk støtte til eit prosjekt der det blir arbeidd med utvikling av IKT-baserte undervisningsopplegg i engelsk, fransk og tysk. I samarbeid med Høgskolen i Bergen og Nordisk språkteknologi på Voss er det utvikla eit grunnfagstilbod i språkteknologi med oppstart våren 2000.

Det har i 1999 vore arbeidd med samordning av litteratur- og lingvistikkundervisninga mellom språkfaga på hovudfag. Ved å samordne etnologi og folkløstikk har fakultetet oppretta eit nytt hovudfag i kulturvitskap med tre studieretningar. Fakultetet har også arbeidd vidare med samordning av kulturfaga på lågare grad ved Institutt for kulturstudier og kunsthistorie.

Våren 1999 begynte dei første hovudfagsstudentane i allmenn musikkvitskap. Institutt for musikk har òg hovudfagstilbod innan folkemusikkvitskap og utøving med fordjupingsemne. Fakultetet har også arbeidd vidare med mastergraden i *Gender and development*, som no er godkjend av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet.

INTERNASJONALT ARBEID OG STUDENTUTVEKSLING					
<i>Det historisk-filosofiske fakultet</i>	1995/96	1996/97	1997/98	1998*	1999
Utanlandske studentar ved fakultetet	102	105	98	125	119
ERASMUS-studentar	60	47	53	76	60
NORDPLUS-studentar	10	7	11	8	12
Andre gjestestudentar	32	51	34	41	62
Utreisande studentar, ERASMUS	109	119	85	111	113
Utreisande studentar, NORDPLUS	21	18	17	12	10

* Frå og med 1998 gjeld tala kalenderåret, tidlegare tal gjeld studieåret.

Etter- og vidareutdanning

I 1999 har fakultetet arbeidd vidare med utvikling av tilbodet innan etter- og vidareutdanning. Fakultetet har særleg prioritert nettbaserte undervisningsopplegg i kombinasjon med samlingar. Det blir arbeidd med å utvikle tilbod i samarbeid med eksterne samarbeidspartnarar.

Forskarutdanning

Gjennomføringa på dr.gradsprogrammet er framleis god. I 1999 vart det gjennomført 22 disputasar. I tillegg er det i 1999 levert 14 avhandlingar for bedømming i 2000. Fakultetet har vidareført samarbeidsavtalane innan Noregsnett og har stipendiatar og doktorgradskandidatar ved ei rekkje høgskolar.

Resultat

Det har vore betydeleg nedgang på *examen philosophicum* og lågare grad dei siste åra, og nedgangen er sterkare enn nedgangen i studenttalet. I 1998-99 har det òg vore stagnasjon og tilbakegang på hovudfag, og ressursituasjonen gjer det vanskeleg å iverksette nye tiltak. For

1999 er talet på avlagde hovudfagseksamenar og mastergradar 175. Dette er ein nedgang på 21 i høve til 1998. I høve til i 1997 er nedgangen på 51.

Forskning

Fakultetet har vidareført arbeidet innafør dei forskningsområda der kollegiet har gjeve særskilt støtte: informasjons- og kommunikasjonsteknologi, utviklingsforskning og kvinne- og kjønnsforskning *Forskningsprogram innan humanistisk informasjonsteknologi* (HIT-sentret) koordinerer fakultetet si verksemd innan informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Eitt av dei store prosjekta innan HIT-programmet, *Wittgensteinarkivet*, vart avslutta hausten 1999, og arbeidet med tilrettelegging av Wittgensteins *Nachlass* for publisering i elektronisk form er dermed fullført. Prosjektet vekkjer oppsikt internasjonalt, og fakultetet vil leggje til rette for optimal forskingsmessig utnytting.

Fakultetet har særleg arbeidd med vidareutvikling av delområda språkteknologi og språktesting/språklæring, og det er avlagt fleire doktorgradar innan dette feltet. Ein av kandidatane har fått ein pris for doktoravhandlinga si, og fakultetet har to postdoktorstillingar knytt til områda.

Det tverrfakultære *Senter for kvinne- og kjønnsforskning* flytta til nye lokale sommaren 1999. Hausten 1999 var fagleg leiar på plass, og senteret vart offisielt opna. Senteret har òg ei fagleg orientering mot *utviklingsforskning*, og den nye mastergraden i *Gender and Development* vil i hovudsak få si forankring ved senteret.

Formidling

Fakultetet har ei stor og omfattande formidlingsverksemd. Formidling skjer i betydeleg grad gjennom vitenskaplege bøker og vitenskapleg verksemd generelt. Institutta rapporterer om eit stort tal publikumsføresurnader, og fagmiljøa presenterer i aukande grad aktivitetane sine gjennom internett. Formidling skjer dessutan gjennom foredrag, ulike publikasjonar, populærvitenskaplege kronikkar og deltaking på seminar og konferansar. Formidling skjer og gjennom til dømes konsertverksemd ved Institutt for musikk, deltaking i aktualitetsprogram og offentleg debatt, produksjonar av fjernsynsprogram og deltaking på lørdagsuniversitetet, forskingsdagane, Fagleg pedagogisk dag og andre åpne arrangement.

Nasjonalt og internasjonalt samarbeid

Forskarar ved fakultetet deltek i fleire tematiske nettverksprosjekt under Socrates-programmet. *Advanced Computing in the Humanities* (ACO*HUM), som vert koordinert frå UiB, er no i sitt fjerde og siste år og arbeider med utvida formidling. Norsk språktest er einaste norske medlem i DIALANG (*a European System for Diagnostisc Language Testing*), eit tematisk nettverksprosjekt koordinert av Universitetet i Jyväskylä, Finland. Fakultetet samarbeider med Vytautas Magnus Universitet i Kaunas, Litauen, om forskarutdanning.

I juni arrangerte Seksjon for lingvistiske fag med HIT-senteret som operatør EACL-konferansen (*European Chapter of the Association for Computational Linguistics*) med 159 deltakarar.

Det juridiske fakultet

FAKULTETET I TAL		
<i>Det juridiske fakultet</i>	1998	1999
Reg. stud. inkl. dr.grad i haustsemesteret	2 308	2 283
Kandidater på høgre grad		
Cand. jur.	172	185
Doktorander		
Dr. juris.	1	3
Vitskaplege publikasjonar *	73	13
Tilsette årsverk pr. 30.9.		
Ordinære stillingar (kap. 261 og 281)		
Vitskaplege/rekruttering	36	31
Teknisk/administrative	21	18
Oppdragsstillingar (Bergensmodellen)		
Vitskaplege/rekruttering	2	3
Teknisk/administrative		
Rekneskap (mill. kr.) **		
Ordinær verksemd (kap. 261, 3261 og 281)	34,0	37,6
Oppdragsverksemd (Bergensmodellen)	1,2	1,5

* Artiklar i internasj. tidsskrift, faglege bøker/lærebøker og kap. i faglege bøker/lærebøker.
** For 1999 er arbeidsgjevaravgift (14,1%) teke med i rekneskapstala.

Det juridiske studiet er bygd opp som ei profesjonsutdanning som fører fram til graden cand. jur. Studiet er delt inn i fire avdelingar, der studentane kan ta 1. avdeling som eit sjølvstendig grunnfag og inngå i ein cand.mag.-grad. Fakultetet tilbyr og faget offentleg rett grunn- og mellomfag, i tillegg til eit program for forskarutdanning knytt til graden dr.juris.

Det juridiske fakultet fekk for 1999 tilført 1 mill. kroner for m.a. å utvikle studiekvaliteten og styrkje fakultetet sitt forskingsmiljø innanfor kystsoneforvaltning/havrett/fiskerirett. Fakultetet fekk i 1999 ein ny professor.

Studentar

Talet på registrerte studentar var 2308 i 1999, mot 2283 i 1998. Det var ein klar auke i studenttalet på 1. avdeling, medan nedgangen på 2.-4. avdeling heldt fram. Også nedgangen i registrerte studentar på Offentleg rett heldt fram, men er mindre enn føregåande år. Talet på privatistar gjekk monaleg ned også i 1999 og er nær halvert dei siste to åra.

For å styrkje studiekvaliteten vart det i 1999 sett i verk obligatoriske kurs i kildesøk for alle studentane på tredje avdeling. Utanom etikkurset har det på fjerde avdeling vore ni førelesings- og åtte manuduksjonsrekkjer. Det har vore skipa ni seminar med til saman 33 seminargrupper.

Gjennomsnittleg var det i 1999 22 undervisningstimar pr førelesingsrekkje. I løpet av året er det gjeve førelesingar i 15 valemne. Andelen undervisning gjeven av fakultetet sine egne lærarar er framleis låg.

Eksamen

Talet på studentar utan studierett som går opp til eksamen, er framleis høgt ved fakultetet, men tendensen er klårt synkande.

Avlagde eksamenar totalt på cand.jur.-studiet for vår- og haustsemestret 1999, samanlikna med tilsvarende tal for 1998, viser ein oppgang i gjennomføringsprosenten på alle nivå, med unntak av 2.avdeling.

Avlagde eksamener totalt i studiet i offentleg rett for vår- og haustsemesteret 1999 (sammenlikna med tilsvarende tal for 1998) viser at både samla produksjon og gjennomføringsprosent har gått monaleg ned samanlikna med 1998.

Doktorrandar og kandidatar

Det er teke tre doktorgradar ved fakultetet i 1999. Til dr.juris-programmet var det i 1999 fire søkarar, som alle vart tekne opp.

I 1999 er det ved fakultetet uteksaminert 185 kandidatar som har oppnådd graden cand.jur. Dette er det største talet i fakultetet si historie.

Forskning og forskarutdanning

Rammevilkåra for forskingsverksemda har vore tilfredsstillande i 1999, bl.a. ved at det har vore mogleg for dei tilsette å få vitskapleg assistanse og gjennomføre faglege reiser.

I 1999 løyvde Forskningsrådet to doktorgradsstipendiatstillingar til fakultetet.

Fagområda kystsoneforvaltning/havrett/fiskerirett har vore eit satsingsområde i 1999, og fakultetet er tilført ein stipendiatstilling til dette føremålet.

Forskningsverksemda består i hovudsak av bidrag frå erfarne, etablerte forskarar, samt doktorgradsarbeid og andre kvalifikasjonsarbeid. Det er også innslag av studentforskning i form av særavhandlingar. I 1999 vart det levert inn og sensurert fire særavhandlingar.

Forskarutdanning

Det er skipa seminar for doktorgradskandidatar og andre interesserte, inklusiv ein doktorgradssamling på Voss. Dei fleste foredragshaldarne på forskerseminara i 1999 var eksterne gjesteførelsarar.

Fakultetet var i 1999 arrangør for Nasjonalt doktorandseminar. Deltakarar var juristar i forskar- og rekrutteringsstillingar og deltakarar på doktorgradsprogramma ved dei juridiske lærestadene i Tromsø, Oslo og Bergen.

Publikasjonar

Forskarane ved fakultetet har halde eit godt publikasjonsnivå både når det gjeld lærebøker, lovkommentarar og artiklar i fagjuridiske tidsskrift. Til dette kjem faglege medverknad ved lovutgreiingar og tilsvarende. Publikasjonslista for 1999 inneheld 117 titlar, når alle kategoriar i Forskdok er tekne med. Dette er ein kraftig auke fra 1998.

Utadretta verksemd, formidling, etterutdanning

Fakultetet mottok gjennom året ca. 1500 førespurnader frå publikum og frå advokatar, dommarar og offentlege tenestemenn. Det har også vore halde rundt 50 føredrag og utført nærare 100 konsulentoppdrag. Ein lekk i den utadretta verksemda er også faglærarane si deltaking som faglege rettleiarar i Jussformidlinga sin kontrollkommisjon.

Fakultetet har i meldingsåret ikkje drive organisert etter- eller videreutdanning.

Internasjonalisering

Fleire av forskarane ved fakultetet har hatt kortare eller lengre forskingsopphald ved utanlandske universitet samt delteke på seminar i utlandet. Fire stipendiatar har hatt studieopphald ved ulike Max Planck-institutt i Tyskland, og fleire professorar har førelest ved utanlandske universitet.

Det har vore arbeidd med studentutvekslingsprogram innanfor NORDPLUS og SOKRATES-programma, der fakultetet har inngått ca 50 bilaterale avtalar med nordiske og europeiske universitet. Samarbeidet innanfor dei bilaterale avtalane med Hamline University (USA) og med Bond University (Australia) er kome i god gjenge.

I 1999 vart det gjeve engelskspråkleg undervisning i "EU and EEA Procurement Law", "Refugee Law", "Legal Philosophy" og "American Law and Legal System", det siste i samarbeid med Hamline University. I tillegg kjem sommarprogrammet for Hamline-studentar.

Bibliotektenesta

Etter at besøkstalet gjekk ned i 1998, viser tala for 1999 ein klar auke. Det vart registrert eit besøkstal på ca 87 000, mens tilsvarende tal for 1998 var på 75 000. Talet på utlån gjekk noko ned, frå ca 48 000 i 1998 til ca 46 000 i 1999.

Biblioteket fekk støtte frå fakultetet til å halde utvida opningstid i 1999. Fakultetet styrka òg biblioteket gjennom løyvingar til kjøp av bøker og tidsskrift.

Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet

FAKULTETET I TAL		
<i>Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet</i>	1998	1999
Reg. stud. inkl. dr.grad i haustsemesteret	2 790	2 853
Kandidater på høgre grad		
Cand. scient.	211	184
Mastergrad	22	15
Doktorander		
Dr. scient.	47	48
Dr. philos.	3	5
Vitskaplege publikasjonar *	530	486
Tilsette årsverk pr. 30.9.		
Ordinære stillingar (kap. 261 og 281)		
Vitskaplege/rekruttering	270	265
Teknisk/administrative	206	206
Oppdragsstillingar (Bergensmodellen)		
Vitskaplege/rekruttering	121	142
Teknisk/administrative	28	32
Rekneskap (mill. kr.) **		
Ordinær verksemd (kap. 261, 3261 og 281)	187,5	217,7
Oppdragsverksemd (Bergensmodellen)	137,1	129,9

* Artiklar i internasj. tidsskrift, faglege bøker/lærebøker og kap. i faglege bøker/lærebøker.
** For 1999 er arbeidsgjevaravgift (14,1%) teke med i rekneskapstala.

Informatikk er framleis det faget som studentane har størst interesse for, men veksten har no flata ut.

Mellom dei nye studentane hausten 1999 er det ein aukande del som ønskjer å studere molekylærbiologi, medan interessa for fysikk heldt fram med å synke, til 5% av alle nye studentar. Det er fortsatt berre 3% av de nye studentene som ønskjer å ta hovudfag i kjemi.

Undervisning

Det vart uteksaminert 33 færre hovedfagskandidatar i 1999 jamført med 1998, 199 mot 232 året før. Fakultetet har òg i 1999 samarbeidd med alle høgskolane på Vestlandet for å fremme elevane sine val av realfag i den vidaregåande skolen.

Hausten 1999 vart studieløpsprosjektet starta ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet. Prosjektet går ut på å skape kontakt mellom dei ulike fagmiljøa og dei heilt ferske studentane. Målet for prosjektet var å halde på fleire studentar enn tidlegare ved fakultetet.

Etter- og vidareutdanning

Fakultetet var i 1999 involvert i:

- 35 etterutdanningskurs i regi av Skolelaboratoriet for realfag.
- 3 vidareutdanningskurs som fjernundervisning (Generell akvakultur, Objektorientert programmering og Evolusjon og miljø).
- 1 vidareutdanningskurs ved UiB (Gassprosessering)

Fakultetet hadde i 1999 rundt 720 deltakarar på etterutdanningskurs, og 114 studentar (28,5 helårsstudenter) på vidareutdanning/fjernundervisning.

Noregsnettet

Som hausten 1998 hadde omlag 40% av de nye studentane bakgrunn frå høgskole eller universitet hausten 1999. Fakultetet skipa i 1999 til ti nasjonale forskarkurs.

Forsking

Fakultetet vedtok i 1999 ein strategisk plan for forsking og undervisning for perioden 2000 - 2005. Ifølgje planen skal dei tematiske innsatsområde for forsking i perioden vere: Marin forsking, informatikk og matematisk modellering, og olje- og gassrelatert forsking.

Marine fag, inkludert miljø- og klimastudier, har lenge vore eit viktig innsatsområde og ei flaggsak for fakultetet. I 1998 blei ei innstilling om kystsoneforvaltning ferdig, og fakultetet starta arbeidet med å få eit studium innan dette fagfeltet. Studiet inkluderer jus og geografi i tillegg til realfag, og i løpet av 1999 blei ein studieplan for eit 20 vekttalsstudium utarbeidd i samråd med dei samarbeidande fagmiljøa.

I samarbeid med Fiskeridirektoratets Ernæringsinstitutt og Havforskningsinstituttet oppretta fakultetet eit nytt studietilbod innan sjømatkvalitet. Studiet er etablert for å styrkje grunnlaget for foredling av marine råvarer i Noreg. Fakultetet ønskjer og å byggje ut eit utdanningsprogram i gassprosessering. Programmet vil bli utvikla i samarbeid med gassindustrien på Vestlandet.

Institutt for informatikk har dei siste par åra blitt vesentlig styrkt gjennom ekstraløyvingar både frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og frå kollegiet si tildeling av forskningsmiddel til "tungrekning". Instituttet fikk tilsett personar i fire nye stillingar i 1999.

Den olje- og gassrelaterte forskinga blei styrka i 1999. Eit gåveprofessorat finansiert for tre år av Statoil/Hydro vart lyst ut, og undervisning i prosessering av naturgass starta opp.

Reservoarforskning er eit viktig tema i den olje- og gassrelaterte forskinga ved fakultetet. Her har fakultetet kompetanse innan fleire institutt. Samarbeid innan dette viktige forskingsfeltet har resultert i løyvingar frå Noregs forskingsråd til eit strategisk program med deltaking frå Matematisk, Geologisk og Fysisk institutt.

Omstilling

Omstillingsarbeidet ved fakultetet har som overordna siktemål å gjere fakultetet i stand til å møte den aukande konkurransen innan høgare utdanning og forsking. Særleg viktig vert det då for fakultetet å tydeliggjere ein fagleg profil som går utover dei tradisjonelle fagdisiplinane som alle høgare lærestader for naturvitskap gjev opplæring i.


Formidling

Fakultetets tilsette har medverka i ei rekkje radio- og tv-program. Tilsette ved fakultetet har hatt mange innslag i programma "Ut i naturen", NRK1 og "Verdt å vite", P2. I tillegg har ei rekkje av de tilsette hatt reportasjar i store og små aviser og i nasjonale og internasjonale tidsskrift.

I 1999 har Universitetet i Bergen (Institutt for fiskeri- og marinbiologi) og Havforskningsinstituttet delt ansvaret for å utgeje det internasjonale tidsskriftet *Sarsia*.

Det populærvitenskapelige tidsskriftet *Naturen* kom ut med 6 nummer i 1999. Botanisk hage på Milde, i samarbeid med Arboretet, gav ut tidsskriftet *Årringen*. Fleire av dei tilsette har medverka i bokprosjektet *Naturhistorisk vegbok for Hordaland* William Helland-Hansen, Geologisk institutt, er redaktør for boken. Jarl Giske ved Institutt for fiskeri- og marinbiologi og Per Jacobsen ved Zoologisk institutt har gjeve ut boka *Evolusjon og Økologi - en innføring*. Studentorganisasjonane og fagutvala ved fakultetet arrangerte Realfagsdagen. Fleire av dei tilsette heldt føredrag under forskingsdagane i 1999. IAESTE arrangerte ein næringslivsdag i samarbeid med fakultetet.

Eksternt finansiert verksemd



For første gang viser regnskapstalla for den eksternt finansierte verksemda ved fakultetet ein nedgang, men omfanget av dei eksterne midla er framleis stort. I 1999 utgjorde andelen av eksternt finansiert verksemd 44% av verksemda ved fakultetet, og inkluderte 208 årsverk. I 1998 var andelen av eksternt finansiert verksemd 51% av totalbudsjettet, og inkluderte 249 årsverk.

Diagrammet viser finansieringa av verksemda ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet, 1995-1999 (sosiale kostnader er inkludert i grunnbudsjettet for 1999).

Internasjonalisering

Forskarane ved fakultetet har eit omfattande samarbeid med kolleger frå alle verdsdelar. Tyngda av dei formaliserte samarbeidsprosjekta er knytte til institusjonar i europeiske land. Under EUs 4. rammeprogram hadde fakultetet til saman 67 prosjekt for til saman 48 millionar kroner. Mange av desse hadde bevilgning for 1999 og vil halde fram i 2000. I 1999 starta EUs 5. rammeprogram for forskning. Ved utgangen av 1999 hadde fagmiljøa ved fakultetet fått innvilga 14 søknader.

Entreprenørskap

Institutt for informatikk og Matematisk institutt oppretta i 1999 eit forskingssamarbeid innan berekningsvitenskap. Dette resulterte mellom anna i eit nytt undervisningstilbod med ein eigen hovudfagsretning.

Eit studium i gass- og måleteknologi vart starta opp hausten 1999. Sentrale oppgåver er førebygging og kontroll av eksplosjonar, brannar, varmeavgjevande reaksjonar og utslepp av giftige/etsande/korroderande stoff. Initiativet er støtta av Statoil og Norsk Hydro

I 1999 har Institutt for fiskeri- og marinbiologi, i samarbeid med Fiskeridirektoratets ernæringsinstitutt, oppretta ei ny studieretning innan hovudfag akvakultur, "Kvalitet på sjømat".

Det medisinske fakultet

FAKULTETET I TAL		
<i>Det medisinske fakultet</i>	1998	1999
Reg. stud. inkl. dr.grad i haustsemesteret *	1 318	1 382
Kandidater på høgre grad		
Cand. med.	117	103
Cand. scient.	11	14
Helsefag (cand. san.)	8	11
Sykepleievitskap (cand. polit.)	22	1
Mastergrad	8	5
Doktorander		
Dr. med.	15	15
Dr. scient.	7	7
Dr. polit.	2	1
Dr. philos.	3	5
Vitskaplege publikasjonar **	830	723
Tilsette årsverk pr. 30.9.		
Ordinære stillingar (kap. 261 og 281)		
Vitskaplege/rekruttering	187	195
Teknisk/administrative	166	175
Oppdragsstillingar (Bergensmodellen)		
Vitskaplege/rekruttering	30	46
Teknisk/administrative	17	22
Rekneskap (mill. kr.) ***		
Ordinær verksemd (kap. 261, 3261 og 281)	135,6	167,5
Oppdragsverksemd (Bergensmodellen)	54,0	58,0

* Medrekna odontologisk preklinikk.
 ** Artiklar i internasj. tidsskrift, faglege bøker/lærebøker og kap. i faglege bøker/lærebøker.
 *** For 1999 er arbeidsgjevaravgift (14,1%) teke med i rekneskapstala.

Det medisinske fakultet har i 1999 arbeidd for å auke aktivitetsnivået i forskinga. I dette arbeidet har fakultetet vurdert korleis ein kan fordele midla til forskning på grunnlag av resultat. Publisering i internasjonale tidsskrift med stor gjennomslagskraft er eit viktig kvalitetsmål for forskinga som blir utført ved fakultetet. Håpet er at både einskilde forskarar og dei ulike forskingsmiljøa på denne måten vert stimulerte til i endå større grad å leggje vekt på kvalitet, og dermed òg oppnå publisering av resultatata i tidsskrifta med størst internasjonalt gjennomslag.

Talet på publikasjonar har gått noko ned i 1999. Nedgangen er lågast innan kategorien for vitskaplege artiklar trykt i internasjonale tidsskrift med referee-teneste.

Rekruttering til forskning har vore eit viktig satsingsområde i 1999, og fakultetet har difor gjort framlegg overfor Universitetsrådet å opprette ei eiga forskarlinje med oppstart hausten 2000. Forskarlinja vil svare til to år med studium på heiltid.

Locus for nevrovitskap blei oppretta i 1999 og er såleis den fjerde gruppa av forskarar som etablerer eit tverrfagleg samarbeid organisert i locus. Kvar locus får 500 000 kroner i støtte.

Fakultetet vidareførte i 1999 pilotfasen for desentral undervisning ved dei samarbeidande sjukehusa i Førde, Haugesund og Stavanger med gode tilbakemeldingar både frå studentar og lærarar. Det vart oppretta koordinatorkontor ved dei tre sjukehusa.

Helsefag hovudfag omfattar studieretningane sjukepleievitskap, fysioterapivitskap, helsefremjande arbeid/ helsepsykologi, logopedi og RAB-fag (radiografar, audiografar, og bioingeniørar). Hausten 1999 vart det gitt tilbod om deltidsstudium i alle fem studieretningane, i samsvar med målsettinga.

Undervisning

STUDENTTAL HAUSTEN 1999	
– etter nivå. Det medisinske fakultet	
Studienivå	Tal studentar
Lågare grad	42
Høgre grad	187
Mastergrad	29
Profesjonsutdanning	928
Doktorgrad	172
SUM	1358

Fakultetet vidareførte i 1999 pilotfasen for desentral undervisning, den såkalla 150-planen, med gode tilbakemeldingar både frå studentar og lærarar. Våren 2000 vil dei første studentane ha desentral undervisning etter ordinær studieplan.

Det er starta eit fellesprosjekt mellom Det medisinske fakultet, Haukeland Sykehus og Høgskolen i Bergen om å opprette ein studentdreven sengepost ved sjukehuset. Formålet er å gi studentar innanfor medisin, sjukepleie, fysioterapi, ergoterapi samt

sosionomar trening i samarbeid mellom profesjonane og innsikt i kva andre profesjonar kan tilby. Planarbeidet kom i gang sommaren 1999 og vil halde fram med tanke på oppstart av avdelinga hausten 2000.

I tråd med rammeregelverket blei studie-/undervisningsplanen for Master of Philosophy in Health Sciences (Nursing) ferdigstilt og det er planlagt opptak hausten 2000. Studieplanen for Occupational hygiene vart godkjent i 1998 og hausten 1999 blei det tatt opp fem studentar til dette programmet.

Arbeidsgruppa som skulle skissere eit opplegg til eit permanent Cand. san-studium på nasjonalt plan, leverte si innstilling i 1999 til fakultetsstyret. Studiet er tenkt delt inn i modular og vil bli tilrettelagt for deltids- og fjernundervisning. Det vil såleis vere vel eigna som etter- og vidareutdanningsmodular for mange målgrupper i helsevesenet.

Ei arbeidsgruppe ved fakultetet har gjort framlegg om å opprette ei ny studieretning, med nemninga *Kunnskapsformer og omsorgspraksis*, under helsefag, slik at helsefag hovudfag i Bergen får to studieretningar.

Noregsnett

I 1998 blei eitt av Noregsnettstipenda flytta frå Det samfunnsvitskaplege fakultetet til Det medisinske fakultet og i 1999 blei det oppretta ei stipendiatstilling innfor helsefag (sjukepleievitskap).

IKT i undervisninga

Det vart løyvd til saman 330 000 kroner til IKT- basert undervisning i 1999. Fakultetsstyret har sett ned ei arbeidsgruppe som i første omgang skal velje ut 3-5 fag som kan vere pilotprosjekt for bruk av IKT, i første omgang i medisinsk grunnutdanning.

Radiologisk seksjon har vidareført arbeidet med eit undervisningsprogram for bruk i undervisninga i medisinsk radiologi.

Forsking

Fakultet arbeider for å få til ei meir samordna satsing på forsking og sette i 1999 av 500 000 kroner til strategisk satsing på forsking. I 1999 har fleire forskingsfelt gått saman og oppretta Locus for nevrovitenskap.

I samarbeid med Det medisinske fakultet har Haukeland Sykehus starta eit strategisk forskingsprogram for nye spissfunksjonar og kompetansesenter ved sjukehuset. Ordninga vert administrert av forskingsstiftinga Innovest, og er i hovudsak finansiert ved midlar øyremerka til forsking i sjukehuset sitt budsjett.

Gjennom å medvirke til etablering og oppbygging av eit kompetansesenter for klinisk forsking i samarbeid med Haukeland Sykehus har fakultetet bidrege til å styrke den kliniske forskinga ved fakultetet/universitetsklinikken.

Eksternt finansiert forsking

I 1999 vart det brukt 184 årsverk i eksternt finansierte stillingar med ein samla sum på vel 107 millionar kroner. 68 årsverk og 58 millionar kroner er knytta til verksemd rekneskapsført i Bergensmodellen; 42 årsverk og 19 millionar kroner er knytta til verksemd inn under UNIFOB, medan 74 årsverk og vel 30 millionar kroner er knytta til ulike prosjekt som er rekneskapsført av oppdragsgjevar sjølv.

Formidling

Tre av fakultetet sine institutt (8 personar til saman) deltok med fagførelesingar på Fagleg-pedagogisk dag 5. februar 1999. Senter for internasjonal helse starta i 1999 å publisere afrikanske medisinske tidsskrift på Internett. Tenesta blir tilbydd etablerte tidsskrift som i tillegg til sin vanlege papirversjon ønskjer å publisere på Internett. Senter for internasjonal helse ønskjer på denne måten å bidra til å kvalitetssikre og formidle forsking frå land som elles ikkje har råd til verken å publisere i eller abonnere på store internasjonale tidsskrift.

Internasjonalt samarbeid

Studentutveksling

Studentutvekslinga til Medizinische Fakultät zu Lübeck foregår i sommarsemesteret (april-juli), men bør og vere eit tilbod til studentane om hausten, frå oktober til februar (valtermin). Lübeck har stadfesta at fakultetet kan sende studentar i vintersemestret. Dette vil bli sett i verk frå og med studieåret 2001/2002. I byrjinga av mai blei det arrangert "Bergen Woche" i Lübeck. 40 medisinstudentar med lærarar og representantar frå administrasjonen deltok.

Våren 99 var fakultetet vertskap for Nordisk federasjon for medisinsk undervisning sin årlege Undervisningskonferanse. Tema for konferanse var "Norden som felles legemarknad. Undervisningskvalitet: Felles utfordringar, muligheter og ansvar".

I 1999 vart det ikkje teke opp nye studentar i *Program for Botswana medical students*, fordi ingen oppfylde opptakskrava. Det er no 10 studentar i dette programmet som skal vare til 2012.

Forsking

I 1999 fekk forskingsmiljøa tildelt til saman 500 000 kroner i posisjoneringmidlar for å stimulere til auka deltaking i EUs 5. rammeprogram. Noregs forskingsråd løyvde 250 000

kroner til dette føremålet, medan fakultetet og Internasjonalt kontor gav 125 000 kroner kvar. Talet på utanlandske gjesteforskarar ved fakultetet er noko mindre i 1999 enn i 1998, men dei som har besøkt fakultetet, har vore lenger. Talet på utanlandske gjesteforelesarar og stipendiatar er også mindre enn i 1998. Derimot har fleire av fakultetet sine forskarar vore i utlandet i 1999 enn i 1998, både som forskarar og som gjesteforelesarar. Vi har også hatt fleire stipendiatar i utlandet i 1999 enn i 1998.

Det medisinske fakultet har gjennom etableringa av Senter for internasjonal helse, og sitt omfattande forskings- og utdanningsprogram, eit breitt institusjonelt og forskingssamarbeid i Asia og Afrika. Dette dannar grunnlaget for ei rekkje EU-finansierte prosjekt og prosjekt finansierte gjennom Det norske universitetsråd program for utviklingsforskning og utdanning. (NUFU). Hovudforskingsfeltene ved Senter for internasjonal helse er forskning innanfor barnesjukdommar, ernæring, tuberkulose, HIV/IFS, reprodktiv helse og helsefremjande arbeid.

Etter- og vidareutdanning

Etter- og vidareutdanninga, som Det medisinske fakultet driv saman med Den norske legeforening, tek sikte på å formidle den faglege utviklinga innanfor dei ulike fag og spesialitetar.

Det vart i 1999 halde 69 kurs i vidare- og etterutdanning. Av desse var 13 forskarkurs. Til saman var det 1855 deltakarar på desse kursa. Det blei og arrangert to kurs i administrasjon og leiing med til saman 83 deltakarar. Hausten 1999 var det registrert 25 studentar på "Kvalitetsutvikling i helsesektoren", som er eit utdanningsprogram for helsearbeidarar som vil tileigne seg kunnskap og ferdigheter innafor kvalitetsutvikling. I det mellombelse helsefag hovudfag for tilsette ved dei helsefaglege høgskulane var det hausten 1999 registrert 77 studentar.

Det odontologiske fakultet

FAKULTETET I TAL		
Det odontologiske fakultet	1998	1999
Reg. stud. inkl. dr.grad i haustsemesteret *	233	253
Kandidater på høgre grad		
Cand. odont.	43	38
Mastergrad	3	5
Doktorander		
Dr. odont.		3
Dr. philos.	2	
Vitskaplege publikasjonar **	53	41
Tilsette årsverk pr. 30.9.		
Ordinære stillingar (kap. 261 og 281)		
Vitskaplege/rekruttering	60	62
Teknisk/administrative	96	101
Oppdragsstillingar (Bergensmodellen)		
Vitskaplege/rekruttering		
Teknisk/administrative	1	2
Rekneskap (mill. kr.) ***		
Ordinær verksemd (kap. 261, 3261 og 281)	50,1	59,4
Oppdragsverksemd (Bergensmodellen)	14,8	12,3

* Preklinikk er rekna med i studenttala til Det medisinske fakultet.
** Artiklar i internasj. tidsskrift, faglege bøker/lærebøker og kap. i faglege bøker/lærebøker.
*** For 1999 er arbeidsgjevaravgift (14,1%) teke med i rekneskapstala.

Undervisning

Fakultetet vedtok i 1999 rammene for ny studieplan i odontologi, og vedtok òg eit nytt karaktersystem (greidd/ikkje greidd).

Samarbeidet om det nasjonale praksisstudiet held fram, og den offentlige tannhelsetenesta kom i år med tilbod om eit stort tal plassar. Både studentar og veiledarar gav positiv tilbakemelding om praksisperioden.

Ei styringsgruppe for kvalitetsutvikling er oppnemnd, og gruppa har sett i gong ulike prosjekt for å etablere eit kvalitetssystem ved fakultetet.

Fakultetet har laga ny informasjon om opptak og studier både i skriftleg brosjyremateriell og på sine heimesider. Materiell er sendt til dei nordlege fylka, med presisering om nordnorsk kvote.

Forskning

Fakultetets forskingsstrategi slår fast at Det odontologiske fakultet skal drive forskning og formidling på internasjonalt nivå. Fakultetet skal vere i forskingsfront nasjonalt og internasjonalt innan utvalde område.

Formidling

Arbeidet med auka grad av tverr-/ fleirfagleg forskning gjennom utlysing og prioritering ved tildeling av forskingsmidlar vil halde fram som ein lekk i å synleggjere odontologisk forskings- og undervisningsaktivitet i universitetssamfunnet.

Fakultetet etablerte frå mars 1999 ei internavis - Tannløst og fast - som kjem ut kvar 14. dag.

Internasjonalisering

Fakultetet har presentert forskingsresultat i internasjonale tidsskrift og på konferansar. Dette er gjort mogeleg ved at fakultetet har vidareført ei høg tildeling til vitskapelege og faglege reiser.

Fakultetet har i arbeidet med internasjonale utdanningsprogram i grunnutdanninga lagt seg på eit nivå som i hovudsak tek vare på det kliniske aspektet i studia. Samarbeidet innan Norden (NORDPLUS) er vidareutvikla, og det er i det europeiske samarbeidet kome ein ny partner; Universitetet i Porto (Portugal).

Etter- og vidareutdanning

Arbeidet med oppretting av spesialklinikkk har kome vidare. Ein ynskjer eit nært klinisk samarbeid med den offentlege tannhelsetenesta, noko som vil ha konsekvensar for utforminga av klinikken.

Planlegging av deltaking i det endelege programmet for tannlegeforeninga si systematiske etterutdanning held fram. Utvikling av eigne etterutdanningstilbod må vurderast opp mot dette, samtidig som ein må vurdere intern kapasitet.

Fakultetet starta hausten 1999 eit program for lisensieringskandidatar (tannlegeutdanning frå land utanfor EØS-området). Åtte kandidatar er tekne opp, med sikte på fullføring våren 2000.

Gjennom iverksetjing av fakultetet sin forskingsstrategi vil fakultetet stimulere fagmiljøa til å hente inn eksterne forskingsmidlar. Dette er synleggjort gjennom utlysing og tildeling av forskingsmidlar. Arbeidet med dette blir ført vidare.

Fakultetet er i dialog med Tannlegeforeningen om nivå og innhald i dei ulike vidare-utdanningstilboda. Fakultetet prøver å skaffe ekstern finansiering av vidareutdanninga. Arbeidet med dette held fram, mellom anna i samtalar med Sosial- og helsedepartementet.

Likestilling

Talet på kvinneleg tilsette i vitskapelege stillingar skal aukast. Det er tilsett to kvinner i post doc-stillingar og to kvinner i universitetsstipend (av to tilsetjingar).

I dei tradisjonelt kvinnedominerte gruppene (kontor/klinikkk, servicefunksjonar) er det ikkje rekruttert menn i løpet av året. For kontorsida sin del er det ikkje mannlege søkjarar til ledige stillingar/vikariat. For klinikken sin del blir det berre rekruttert kvinner til tannlegesekretær- og tannpleierstudia.

Det psykologiske fakultet

FAKULTETET I TAL		
<i>Det psykologiske fakultet</i>	1998	1999
Reg. stud. inkl. dr.grad i haustsemesteret	1 654	2 027
Kandidater på høgre grad		
Cand. psychol.	47	60
Mastergrad	11	4
Doktorander		
Dr. psychol.	3	2
Dr. philos.	5	6
Vitskaplege publikasjonar *	137	115
Tilsette årsverk pr. 30.9.		
Ordinære stillingar (kap. 261 og 281)		
Vitskaplege/rekruttering	81	81
Teknisk/administrative	37	36
Oppdragsstillingar (Bergensmodellen)		
Vitskaplege/rekruttering	16	14
Teknisk/administrative	4	5
Rekneskap (mill. kr.) **		
Ordinær verksemd (kap. 261, 3261 og 281)	54,2	65,8
Oppdragsverksemd (Bergensmodellen)	11,5	11,4

* Artiklar i internasj. tidsskrift, faglege bøker/lærebøker og kap. i faglege bøker/lærebøker.
 ** For 1999 er arbeidsgevaravgift (14,1%) teke med i rekneskapstala.

Det psykologiske fakultet oppretta i 1999 hovudfag i pedagogikk (praktisk pedagogikk) i samarbeid med Høgskolen i Bergen. Det er tatt opp 21 studentar med studiestart våren 2000. Ferdig utbygd vil studiet ha 40 plassar, 20 på kvar institusjon.

Fakultetet har halde fram med opptak av til saman 72 studentar pr. år til profesjonsstudiet i psykologi. Vidare er det arbeidd med å utvikle studietilbod som er etterspurde i samfunnet, som helsefag hovudfag, mellomfag i psykologi og pedagogikk, samt vidareutdanningstilbod i arbeids- og organisasjonspsykologi (delfag II) og delfag i skuleutvikling og skuleleiing.

Fakultetet har òg arbeidd vidare med styrking av forskingsaktivitetane. I strategiplanen har fakultetet valt å fokusere på to satsingsområde i tillegg til basalfaga: helseforskning og skuleretta forskning. Det er bevilga midlar til to nettverk, basalforskning innan kognitiv og affektiv nevrovitskap, og behandlingforsking innan klinisk psykologi. I tillegg kjem den tidlegare oppretta gruppa ved Hemil-senteret som forskar på antisosial atferd. Gruppene vart etablerte og finansierte med verknad frå og med 1999 for ein periode på tre år.

Undervisning

Som tidlegare har det vore stor søking til *lågare grad psykologi*. Grunnfaget vart i 1999 opna for alle kvalifiserte søkjarar. Dette resulterte i eit opptak på over 600 studentar, mot om lag 275 i 1998. Det høge studenttalet ved psykologi grunnfag gjer det til ein stor utfordring å leggje til rette for aktiviserande undervisning for studentane. Som følgje av reduksjon i budsjetttramma har det vore sett i verk ein betydeleg reduksjon i tilbodet om gruppeundervisning ved grunnfaget/ introduksjonsstudiet. I tillegg vart undervisningstilbodet innan ein av modulane redusert. Sommartermin vart gjennomført for siste gong i 1999.

Haustsemesteret 1999 melde 1337 kandidatar seg til ein eller fleire eksamenar på psykologi grunnfag, 685 kandidatar gjennomførde minst ein eksamen. 93 av dei oppmelde kandidatane avla kun eksterne eksamenar.

Det er stor interesse for delfag I i *arbeids- og organisasjonspsykologi*. Våren og hausten 1999 var det meldt opp til saman 725 kandidatar til eksamen. Dette er for ein stor del privatistar, eller studentar som er registrerte på andre fag ved UiB. I 1998 vart det etablert eit nytt delfag II i arbeids- og organisasjonspsykologi. Delfaget er administrert av SEVU og vert finansiert ved kursavgift. Til første kull vart det teke opp 31 betalande studentar, 25 gjennomførte studiet.

Fakultetet har i 1999 gitt tilbod om eittårig *praktisk-pedagogisk utdanning* til studentar innanfor dei tradisjonelle skulefaga. Søkinga til lågare grad pedagogikk var stor i 1999.

Det har vore redusert etterspurnad innanfor studieretninga realfag. Studieretning helsefagdidaktikk er inntil vidare lagt på is grunna få søkjarar. I 1999 gjennomførde ca. 145 studentar *praktisk pedagogisk utdanning*.

Senter for vidareutdanning i barnevern har både eit deltidstudium som går over to år og eit heiltidstudium over eitt år. Hausten 1999 var det mange søkjarar til deltidstilbodet, men få til heiltidstilbodet. Dette resulterte i at alle fekk tilbod om deltidsstudier; 25 studentar tok i mot tilbodet. I 1999 gjennomførde 23 studentar eksamen.

Hemil-senteret har ansvar for eit *masterstudium i førebyggjande helsearbeid* med 20 studieplassar. Gjennomføringsgraden er god; 75 % innan normert tid. I 1999 gjennomførte fire studentar masterstudiet.

Fakultetet har i 90-åra auka opptaket til *profesjonsstudiet i psykologi* fleire gonger, frå 20 studentar per semester i 1990 til 36 studenter per semester frå haustsemesteret 1998.

Fakultetet har hatt høge krav til effektivitet med samla rammekutt på omlag 9 mill. kroner. Over ein femårsperiode med årlege budsjettkutt har fakultetet sett i verk effektivisering og innsparingar som byrjar å utarme heilt sentrale kvalitetar ved ein "scientist-practitioner"-modell.

Dei budsjettmessige innstrammingane i kombinasjon med dei raske utbyggingane som har skjedd dei siste åra, har gjort at fakultetet òg må redusere omfanget av ferdighetsopplæring i sine undervisningsplanar.

Gjennomføringa er trass i nedskjeringane rimeleg god. I 1999 gjennomførte 59 kandidatar psykologstudiet, 39 kvinner og 20 menn.

Helsefag hovudfag er eit tverrfakultært samarbeid mellom Det medisinske fakultet og Det psykologiske fakultet. Det vart teke opp åtte studentar ved studieretning helsefremjande arbeid/helsepsykologi i 1999. Ved studieretning for logopedi vart det hausten 1999 teke opp ni studentar mot seks studentar i 1998. Det er framleis trong for opptrapping innanfor helsefremjande arbeid og logopedi for å nå målet som er sett i plandokumenta for helsefag hovudfag. I 1999 gjennomførde ti kandidatar Helsefag hovudfag, ein av desse i Helsefremmende arbeid/helsepsykologi.

Åtte kandidater har avlagt *doktorgraden* ved Det psykologiske fakultetet i 1999.

Forskning

Fakultetet har i 1999 vidareført arbeidet med etablering av forskarnettverk. Fakultetet hadde i 1999 sett av 600 000 kroner til etablering av nettverk. Dette er følgt opp i 2000 med ei avsetjing på 750 000 kroner. I strategiplanen har fakultetet fokusert på *helserelatert forskning, skuleforskning og basalfag i psykologi*.

Det psykologiske fakultet hadde i 1999 sett av 100 000 kroner til publiseringsmidlar. I 1999 var det tilsette ved Institutt for klinisk psykologi, Institutt for samfunnspsykologi, Institutt for biologisk og medisinsk psykologi, samt Hemil-senteret som mottok publiseringsprisen.

Eksternt finansiert verksemd

Den eksternt finansierte verksemda hadde i 1999 samla sett eit omfang på 11,3 mill.kroner, fordelt med 6,7 mill. kroner i løn, 3,5 mill. kroner i drift og 1,1 mill.kroner i dekningsbidrag.

Fakultetet har fagleg ansvar for vidareutdanningstilbod i delfaga rettleiingspedagogikk og delfag II arbeids- og organisasjonspsykologi. Det er teke opp 11 studentar til rettleiingspedagogikk og 31 til arbeids- og organisasjonspsykologi. I tillegg har fakultetet eit tilbod i vidareutdanning i barnevern. Våren 1999 var det registrert 10 heiltidstudentar og 14 deltidstudentar, hausten 1999 vart det teke opp 25 deltidstudentar.

I 1999 har det vore undervist i delfag I og II i arbeids- og organisasjonspsykologi som etter- og vidareutdanningstilbod og i rettleiingspedagogikk for tilsette i skulen. Eit delfag i skuleutvikling og skuleleiing er òg utvikla.

Institutt for praktisk pedagogikk arrangerte 2. og 3. juni eit etterutdanningstilbod (seminar) innan fagdidaktikk finansierte av etter- og vidareutdanningsmidlar frå Kyrkje-utdannings- og forskingsdepartementet.

Klinikkdrift

Det psykologiske fakultet mottok i 1999 536 000 kroner i tilskot frå Hordaland fylkeskommune til drift av dei 3 klinikkane ved Institutt for klinisk psykologi og til klinikken ved Institutt for biologisk og medisinsk psykologi. Klinikkdirifta er heilt avgjerande for å kunne gje eit godt tilbod om klinisk opplæring for studentane i profesjonsutdanninga.

Program for evaluering og kvalitetsutvikling

Det akademiske kollegium løyvde i 1999 403 000 kroner til *Program for evaluering og kvalitetsutvikling*. Av denne løyvinga er om lag halvparten sett av til prosjektet Eksamensordningar som studiekvalitetssak. Prosjektet vil strekkje seg over fire år.

Omstilling

Det er sett ned ei arbeidsgruppe for å tilretteleggje eit undervisningsopplegg basert på IKT som pedagogisk hjelpemiddel i psykologstudiet og for psykologi grunnfag. I tråd med fakultetet sin nye IT-strategiplan er det mellom anna oppretta IT-kontaktar ved kvart institutt og senter.

Entreprenørskap

Kompetansesenter for klinisk kontrollerte forsøk, Nasjonalt ryggnettverk vart etablert i april 1999 av Sosial- og helsedepartementet. Senteret er plassert ved Institutt for biologisk og medisinsk psykologi. Eininga vert administrert under Senter for Samfunnsforskning (SEFOS),

som er ein del av Universitetet i Bergen sin oppdragsavdeling (UNIFOB). Senteret er ei vidareføring av Sosial- og helsedepartementet si Evaluering- og rådgivningsgruppe for rygglidelser (ERG), som vart avslutta i 1998. I tillegg har departementet også etablert eit sekretariat (Sosial- og helsedepartementet) som skal forme eit nettverk for alle ryggpoliklinikker i landet.

Militærpsykologi og leiarskap - 2001 (MIL 2001) er eit FOU-program mellom Sjøkrigsskolen og Det psykologiske fakultet for studiar av menneskeleg tilpassing til ekstreme situasjonar. Forskingsgruppa har fått ei løyving på 1 mill. kroner frå Forsvarsdepartementet, med førehandstilsagn om tilsvarande løyving i tre år. Samarbeidsavtalen mellom SKS og Det psykologiske fakultet vart fornya frå år 2000.

Bergen fMRI-gruppe har fått ei løyving på 700 000 kroner frå INNOVEST. Løyvinga er innanfor Haukeland sjukehus si satsing på strategiske forskingsprogram, som har som mål å byggje opp kompetanse innanfor bruk av funksjonell magnetresonanstomografi ved sjukehuset og Universitetet i Bergen.

Noregsnettet

Det psykologiske fakultet har ved utgangen av 1999 seks doktorgradskandidater knytte til høgskolane. Fakultetet er tildelt eit nytt noregsnettstipend innan organisasjon og leiing knytt til Høgskolen i Stavanger. Det psykologiske fakultet har samarbeidsavtalar med Eikelund kompetansesenter, Høgskolen i Agder, Høgskolen i Bergen, Sjøkrigsskolen m.fl.

Internasjonalisering

Fleire av fagmiljøa ved fakultetet har vidt forgreina forskingssamarbeid internasjonalt, talet på publikasjonar med utanlandske medforfattarar auka frå 30 i 1998 til 46 i 1999. Ved HEMIL-sentret er det òg etablert eit prosjekt under EUs rammeprogram. Arbeidstitelen på prosjektet er "Control of Adolescent Smoking, the CAS study". Prosjektet er finansiert i fire år frå 1998 til 2001.

Nivået på studentutvekslinga har stabilisert seg dei siste åra. Over tid har om lag 30 % av studentane ved fakultetet inkludert eit semesters studieopphald ved eit utanlandsk universitet i den femårige psykologutdanninga.

I 1999 hadde 27 utanlandske studentar utvekslingsopphald ved Det psykologiske fakultet; dette er ei auke på 9 studentar i høve til 1998. I tillegg har fakultetet studentar frå Afrika, Asia og Aust-Europa i mastergradundervisninga.

Det samfunnsvitskapelege fakultet

FAKULTETET I TAL		
Det samfunnsvitskapelege fakultet	1998	1999
Reg. stud. inkl. dr.grad i haustsemesteret	3 056	3 034
Kandidater på høgre grad		
Cand. polit.	167	171
Mastergrad	8	20
Doktorander		
Dr. polit.	9	9
Dr. philos.	3	3
Vitskapelege publikasjonar *	183	200
Tilsette årsverk pr. 30.9.		
Ordinære stillingar (kap. 261 og 281)		
Vitskapelege/rekruttering	130	130
Teknisk/administrative	60	64
Oppdragsstillingar (Bergensmodellen)		
Vitskapelege/rekruttering	33	33
Teknisk/administrative	6	6
Rekneskap (mill. kr.) **		
Ordinær verksemd (kap. 261, 3261 og 281)	90,3	104,0
Oppdragsverksemd (Bergensmodellen)	29,6	33,9

* Artiklar i internasj. tidsskrift, faglege bøker/lærebøker og kap. i faglege bøker/lærebøker.
** For 1999 er arbeidsgjevaravgift (14,1%) teke med i rekneskapstala.

Studentar

Det totale omfanget av registrerte studentar i 1999 var på 3034, ein svak nedgang i høve til 1997 og -98. Størst er tilgangen på studentar til informasjonsvitskap og medievitskap. Samfunnsøkonomi og geografi har hatt merkbar nedgang i studenttalet. På høgre grad er studenttilstrøyminga framleis stor.

I Strategisk plan for forskning og utdanning for perioden 2000 - 2005 vart fem punkt gjeve særleg merksemd:

- Utdanningstilbodet skal framleis vere basert på forskning
- Studiestrukturen må mjukast opp med tanke på tilpassing til ny framtidig gradsstruktur
- Fakultetet skal satse på kvalitet framfor kvantitet og må følgjeleg konsentrere aktiviteten om færre tema / fagområde i forskning og utdanning
- Fakultetet må auke den eksternt finansierte forskinga med større vekt på strategisk retta grunnforskning
- IKT vil vere eit satsingsområde for fakultetet.

Ressursar og mål

SV-fakultetet fekk i 1999 tildelt kr. 75,5 mill. til verksemda som grunnfinansiering. Om vi justerer for konsumprisindeksen, inneber dette ein budsjettreduksjon på om lag 3,6 mill i høve til 1997.

Fakultetet har vedteke at det skal satsast på følgjande forskingsfelt: Utvikling; Makt, demokrati og styring; Velferd, helse og sosialpolitikk; Informasjon og kommunikasjon; Internasjonal migrasjon og etniske relasjonar; Arbeid, utdanning og næringsliv.

Dei tverrfaglege forskingsprosjekta innan Helseøkonomi og Helse og sjukdom i kulturelt perspektiv, vart vidareførte i 1999. Den første planlegginga av eit større senter for IKT-basert forskning, læring og formidling med utgangspunkt i fagmiljø ved SV-fakultetet kom i gang. Satsinga på Geografiske informasjonssystem (GIS) vart ført vidare.

Den eksterne finansieringa utgjorde totalt 68 mill. kroner dette året. Ein stadig aukande grad av dei tverrfaglege forskingsprosjekta er eksternt finansierte.

Kollegiet gav i 1999 eit tilskot på to millionar kroner til vidareføring av LOS-senteret. I tillegg har fakultetet sjølv finansiert senteret med ein million kroner.

Fakultetet har fått eit tilskot på 350 000 kroner til sams delfag i informasjonsbehandling for studentar på HF- og SV-fakultetet. Fakultetet har tilsett to i fagstillingar i samband med opprettinga av det nye delfaget.

Institutt for økonomi fekk ei løyving på 900 000 kroner for å greie ut ein mastergrad i Development Economics. Det vart dessutan gjeve tilskot til følgjande utviklingsprosjekt i 1999: Nature, Society and Water, Mastergrad i Mountain Ecology and Human Adaptions, Helse- og ernæringsopplysning i Nepal, Prosjektplanlegging Afrikaforskning, Forprosjekt fjernundervisning (CROP).

Tilskot på 300 000 kroner er nytta til stipendiatstilling ved Institutt for økonomi.

Tilskotet frå Kollegiet på 1,25 millionar kroner er nytta til Forskingsprogram i pedagogisk informasjonsvitenskap (EIST), etter at Kollegiet i februar 1999 vedtok at programmet skulle førast vidare for ein ny treårs periode. Som i 1998 mottok forskingsprogrammet òg tilskot frå Høgskolen i Agder. Programmet var i 1999 involvert i 16 ulike forskings- og samarbeidsprosjekt og har ei sterk internasjonal forankring.

Strategisk plan for utdanning

Fakultetet vedtok hausten 1999 følgjande hovudstrategiar for å styrkje utdanningstilbodet:

- Mjuka opp studiestrukturen
- Vurdere kvalitet og innhald i undervisninga og føresetnadene studentane har til å gjennomføre studiet på normert tid
- Profilere fag og undervisningstilbod sterkare
- Ta i bruk nye lærings- og evalueringsformer, herunder IT i utdanning
- Utvikle etter- og vidareutdanningstilbod i alle fagmiljø
- I 1999 vart det lagt ned eitt studietilbod på *lågare grad* (kommunal planleggingsrett). Ingen nye tilbod vart oppretta. Kollegiets initiativ om å setje i verk eit felles *hovudfagsprosjekt* vart følgt opp ved fakultetet våren 1999.

Fakultetet hadde i 1999 fire ulike *mastergradstilbod*.

I samarbeid med Forskings- og utdanningsavdelinga vart det etablert eit pilotprosjekt for IKT i utdanning ved Institutt for medievitenskap. Målet med pilotprosjektet var at røynslene instituttet hadde tileigna seg gjennom utviklinga av fjernundervisningstilbod, også skulle kome dei ordinære studentane til gode. Fakultetet mottok eit tilskot på 150 000 kroner til pilotprosjektet.

Etter- og vidareutdanning

Fakultetet vedtok i 1999 at det skal planleggjast minimum eitt etter- eller vidareutdanningstilbod ved kvart av institutta med oppstart hausten 2001. Einskilde institutt har komme i gang med kartleggjing av behovet for ulike etterutdanningstilbod. Andre institutt har alt utvikla slike tilbod, som til dømes medievitenskap grunnfag som fjernundervisning, kurs i Geografiske informasjonssystem, Valobservasjon og arbeidsliv og Historie og samfunn.

Formidling og kompetanseoverføring

I 1999 formidla fakultetet fagkunnskapen sin i ulike samanhenger. Det har vore produsert ei rekkje publikasjonar, lærebøker og tidsskrift. Fleire av institutta har eigne meldingsblad og skrifter. Institutta har vidareutvikla databasane sine på Internett og nyttar eigne heimesider som formidlingskanal. Samfunnsvitskapleg kunnskap vert stadig meir etterspurt av presse, organisasjonar og samfunnet elles. Synspunkt på ulike samfunnsspørsmål, basert på forskingsresultat, er blitt føredrege eller ført i pennen av forskarar ved fakultetet i ei rekkje aviskronikkar og debattinnlegg gjennom året.

Nasjonalt samarbeid og arbeidsdeling

Samarbeidet innanfor Noregsnett er ført vidare. Dette har resultert i tettare nettverk mellom forskarar i Bergensregionen og på Vestlandet.

Internasjonalt samarbeid

Samarbeidet med Vytautas Magnus-universitetet vart ført vidare i 1999, og fakultetet hadde to sendelektorar ved Department of Sociology og Department of Political Science som underviser både bachelor- og masterstudentar. Ein delegasjon frå fakultetet vitja Kaunas i november og underteikna intensjonsavtale med Kaunas University of Technology.

Innanfor Sokrates - Erasmus-programmet har det funne stad student- og lærarutveksling av same omfang som tidlegare. Fakultetet har gjeve støtte til to pensumutviklingstiltak. Institutta har dessutan fått støtte til ei rekkje internasjonaliseringstiltak.

Informasjons- og kommunikasjonsteknologi

Planane for prosjektet IKT i utdanning ved SV-fakultetet vart vedtekne hausten 1998, men arbeidet kom først i gang i 1999. Målsetjinga med prosjektet er å ta i bruk informasjons- og kommunikasjonsteknologi i all verksemd ved fakultetet, i første rekkje i undervisning, læring og formidling, men også som verktøy i forskning, studieinformasjon og administrasjon. Våren 1999 oppnemnde fakultetsstyret eit nytt rådgjevande IKT-utval. Utvalet er òg styringsgruppe for prosjektet IT i utdanning.

Studentane i universitetssamfunnet

1999 vart nytta til gjennomgang av brosjyremateriell med sikte på revisjon av form og innhald i år 2000.

Dei studentdrevne tiltaka Lexwell, Vitenskapsformidlingen og bladet Samviten vart førte vidare i 1999 med støtte frå fakultetet. Det har vore visse vanskar med å få nye studentar til å ta på seg studentpolitiske verv.

Likestilling

Fakultetet slit framleis med skeiv kjønnsfordeling i vitenskaplege stillingar, men tendensen er i ferd med å snu seg i doktorgradsprogrammet og etterkvart og i stipendiatstillingane. Det vart lyst ut eitt post-doc-stipend i informasjonsvitenskap øyremerkt for kvinner.

Bergen Museum

MUSEET I TAL		
Bergen Museum	1998	1999
Årsverk pr. 30.09., inkl. ekst. fin. verksemd		
Vitskaplege stillingar	35	35
Tekniske/administrative stillingar	37	45
Museumsvakter (deltid)	7	5
Publikumsbesøk (tal personar)	97 860	59 500
Ressursgrunnlag frå UiB (mill. kr.) *	22,9	26,7
Ressursgrunnlag ekst. fin. prosjekt (mill. kr.)	11,2	7,3

* I 1999 vart feriepengar og arbeidsgjevaravgift lagt ut på fakultet og avdelingar.

Publikumsbesøket i 1999 var 44 448 på utstillingar i eigne lokale, og ca. 15 000 på eksterne utstillingar i samarbeid med Akvariet. Samla besøkstal vert ca. 59 500. Totalt er dette ein relativt stor nedgang frå 1998, då samla besøkstal var 97 860.

Samarbeidet med Høgskulen i Sogn og Fjordane, Kulturby Bergen 2000, Lyngheisenteret og Akvariet er vidareført i 1999. Museet hadde to samarbeidsprosjekt/utstillingar saman med sistnemnde: Edderkopp-utstillinga og "Missing Link". Den sistnemnde var og i samarbeid med Universitetet i Oslo.

Organisatorisk vart Bergen Museum styrkt med ei ny Dokumentasjons- og IT-avdeling i 1999.

Undervisning

Personale ved Zoologisk avdeling, Bergen Museum, har undervisningsansvar i faga innanfor "Systematisk zoologi". Det var ved avdelinga i 1999 registrert åtte hovudfagsstudentar, fire doktorgradskandidatar og uteksaminert ein cand. scient. I samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane stod Bergen Museum som arrangør av eit todagars forskarseminar om temaet "Vestlandets kulturlandskap" med over 50 deltakarar.

Formidlingsavdelinga har gjennom året hatt mykje undervisning for barnehageborn, skuleklassar, studentar og andre som har vitja museet.

Internasjonalt forskingssamarbeid

Som ei oppfølging av samarbeidsavtalane med Nasjonalmuseet og Vitskapsakademiet i Vilnius, Litauen, har forskarar frå Arkeologisk, Botanisk og Zoologisk avdeling delteke i eit arkeologisk utgravingsprosjekt i Sventoj i samarbeid med kollegaer frå Litauen. Prosjektet vart avslutta i 1999.

Som eit resultat av eit forskingssamarbeid med kollegaer i USA, har forskarar ved Botanisk avdeling publisert fem vitskaplege artiklar om lavfloraen i Nord Amerika. Vidare deltek dei i eit prosjekt der dei saman med forskarar frå Tyskland og Tsjekkia studerer lavfloraen i "Nationalpark Bayerischer Wald". Botanisk avdeling har og hatt forskingssamarbeid med italienske kollegaer.

Ved Antropologisk avdeling er det, i samarbeid med kollegaer frå California Science Senter, produsert tre antropologiske filmar med tema om overtru og magi blant profesjonelle baseballspelarar i USA og norske havfiskarar.

Saman med kollegaer frå Australian National University og Vrije Universiteit i Amsterdam, har forskar ved Geologisk avdeling brukt nye analytiske metodar for å studera den geologiske historia på Vestlandet. Forskarar ved Zoologisk avdeling har halde fram med å studera ferskvatnsentomologi i Ghana og i Chile. Vidare har forskarar frå Arkeologisk og Zoologisk avdeling delteke i vidareføringa av det tverrfaglege "Pechoraprojektet" i Russland.

Anna forskning

Ved Arkeologisk avdeling vart det første dataarkivet i sitt slag opna her i landet. Det er det topografiske arkivet i digitalisert versjon, utvikla av Museumsprosjektet. Arkivet omfattar 105 000 sider med opplysningar om funn og fornminne på Vestlandet.

Forskarar ved Botanisk avdeling arbeider med kultur- og vegetasjonshistorien på Bodø-halvøya.

Geologisk avdeling arbeider med strukturgeologiske og tektoniske strukturar i Nordsjøen og på Vestlandet. I samarbeid med Museumsprosjektet er ein komen omlag halvvegs i digitaliseringsarbeidet av den såkalla Kolderupsamlinga.

Kultur- og kunsthistorisk avdeling har arbeidd med ei rekkje tema innanfor kyrkjekunst.

Ved Zoologisk avdeling deltek forskarar i to strategiske universitetsprogram, det eine innanfor temaet molykylær systematikk og det andre innanfor klimaforskning.

Formidling

Formidlingsavdelinga stod saman med Botanisk avdeling som arrangør av hundreårs-jubileet for Muséhagen i 1999. Jubileet vart òg markert ved at det vart arrangert eit internasjonalt hagehistorisk seminar over tre dagar, med 80 deltakarar frå Finland, Sverige og Noreg.

Tre nye utstillingar vart opna i 1999, to i samarbeid med Akvariet i Bergen og ei fotoutstilling, "Billedet er en verden", i samarbeid med lokale naturfotografar.

Av eigenproduserte utstillingar, heldt museet fram med rehabiliteringsarbeidet av pattedyrutstillinga ved Dei naturhistoriske samlingar.

Årboka for Bergen Museum vart godt motteken også i 1999. I serien Bergen Museums skrifter kom det ut tre. Ein forskar ved Antropologisk avdeling har i samarbeid med ein kollega ved Høgskulen i Rogaland, gjeve ut boka "Ferrofolket ved Fjorden - globale tema i lokal soge". Museet er saman med Kulturlandskapsenteret i Hordaland fylke og bokforlaget Nord 4, ansvarlege for produksjonen av Naturhistorisk Vegbok for Hordaland.

Alle avdelingane får årleg mange henvendelsar frå forvaltning, publikum og media. Utlån av gjenstandar og objekt, både nasjonalt og internasjonalt har vore omfattande.

Botanisk avdeling har utarbeidd ein naturstiguide for barlind- og kristtornområdet på Borgundøy i Kvinnherad, og vidare inventert lavfloraen ved Utstein Kloster, Rennesøy i Rogaland. Avdelinga deltok og i eit tverrfagleg formidlingsarbeid med italienske og sveitsiske styresmakter vedrørende kultur- og vegetasjonshistoria i Valle Spluga og tilgrensande distrikt.

Eksternt finansiert verksemd

I 1999 hadde museet til saman 19 eksternfinansierte utgravingsoppdrag, fem av desse var finansierte gjennom Riksantikvaren si løyving over statsbudsjettet. I tillegg hadde verksemda ei

rekke møter og synfaringar med fylkeskommunar og oppdragsgjevarar knytt til den eksternfinansierte verksemda. Det vart gjennomført tre sikringsoppgåver.

Omstilling

Bergen Museum har brukt mykje tid i 1999 på evalueringa av verksemda ved institusjonen. Resultatet av evalueringa vil truleg medføre ei organisatorisk omstilling med sikte på å gjere styringsskipnaden, leiinga, arbeidet og ressursbruken ved museet meir effektiv, både fagleg og økonomisk. Det nasjonale museumsprosjektet er ei vidareføring av Dokumentasjonsprosjektet og UNADOK. Målet er ei IT-messig oppgradering av dei norske universitetsmuséa.

Ved Bergen Museum har ein bygd vidare på det arbeidet som er gjort i Dokumentasjonsprosjektet og er komme langt med prosjektet "Gamle naboar". Prosjektet har som hovudmål å utforme undervisningsmateriell som opnar for bruk av dei arkeologiske museumssamlingane ved hjelp av IT-relaterte hjelpemidlar. Ein har også starta arbeidet med å digitalisere den kulturhistoriske biletesamlinga (ca. 300 000 bilete).

Entreprenørskap

Tilsette ved administrasjonen ved Bergen Museum har saman med andre museumstilsette ved ulike avdelingar delteke i forprosjekt for planlegging av eit fruktsenter i Ullensvang og eit fjordsenter i Flåm.

Etter- og vidareutdanning

Arbeidet med å utvikle eit etter- og vidareutdanningstilbod i "Kulturminnevern og kulturlandskapsskjøtsel" starta opp i 1999.

Noregsnett

Bergen Museum har ein 20% rådgjevarstilling for Sentraladministrasjonen i Planteforsk. Personale frå Planteforsk deltek også i fleire forskingsprosjekt ved museet. Bergen Museum er representert i styret og har også eit nært samarbeid med Lyngheisenteret på Lindås.

Universitetsbiblioteket i Bergen

BIBLIOTEKET I TAL		
Universitetsbiblioteket i Bergen	1998	1999
Lån	434 760	459 965
Utnyttingsgrad for samlingane	27,0	28,0
Utførte årsverk *	109,6	109,3
Rekneskap (mill. kr.) **	48,8	56,3
Ordinær tilvekst av bøker og tidsskrift (i band)	31 825	30 485
Tilvekst ikkje-bokleg materiale (i einingar) ***	4 765	9 060
Katalogisering av ny litteratur	25 100	23 460
Konvertering/miniregistrering	49 470	59 080

* Omfattar òg ekstra engasjert personale på arbeidsmarknadstiltak m.v.
** Tala omfattar den ordinære verksemda ved UB. Tilskot frå fakultet og Haukeland sjukehus, på 2,6 mill. kr. i 1998 og 2,3 mill. kr. i 1999, er òg tatt med her. Den store auken i forbruk frå 1998 til 1999 skuldast hovudsakleg to faktorar: Frå og med 1999 er arbeidsgjevaravgift til folketrygda på 14,1% ført på einingane. Det utgjorde vel 3,7 mill. kr. for UB i 1999. I tillegg fekk UB overført vel 1,1 mill. kr. i ubrukte midlar frå 1998 til 1999, vesentleg fordi rekneskapen måtte avsluttast tidlegare enn vanleg i 1998. Ser ein bort frå desse faktorane, var endringa i forbruk frå 1998 til 1999 på omlag 1,54 mill. kr., eller 3,1%.
*** Omfattar mikroformar, elektroniske dokument, bilete, manuskript, kartblad og atlas.

I 1999 har Universitetsbiblioteket satsa særskilt på å byggje vidare ut dei elektroniske bibliotek- og informasjonstenestene. Det er gjort mykje for å gje brukarane tilgang til stadig større deler av UB sine samlingar og tenester via Internett. Særleg har det vore arbeid med å skaffe brukarane tilgang til elektroniske tidsskrift i fulltekst og med å digitalisere dei viktigaste delane av K. Knudsens biletsamling. I tillegg er det arbeid vidare med konvertering av UB sin gamle kortkatalog og med utvikling av databasar for og elektronisk registrering av forskingsdokumentasjon.

I 1999 var det ein klår auke i låneaktiviteten ved UB, etter at det i 1998 var ein mindre nedgang på dette området. Samla lånetal i 1999 var det høgaste nokon gong ved UB. I løpet av 10-årsperioden 1990-99 er lånetala meir enn tredobla.

Til tross for ein nominell auke i totalbudsjettet, måtte UB i 1999 seie opp tidsskriftabonnement for 1,3 mill. kr., hovudsakleg pga. ein vedvarande høg prisauke på tidsskrift. UB klarte i 1999 å utvida opningstidene ved utlånsavdelingane noko i høve til i 1998, men dei er framleis kortare enn før 1998.

Lån, besøk, tilvekst, katalogisering

Dei viktigaste indikatorane på aktivitetsnivået ved eit bibliotek er låneaktiviteten og besøkstala. Lånetala steig frå om lag 435 000 i 1998 til nær 460 000 i 1999. Både utbygging av fakultetsbibliotek, aukande studenttal i ein stor del av perioden 1990-1999, og betre tilgang til samlingane gjennom BIBSYS har medverka til ein positiv utvikling. Også utnyttingsgraden for samlingane ved UB har auka kraftig i denne perioden, frå 10,7 % i 1990 til 28 % i 1999.

Ein reknar med at samla tal for publikumsbesøk og faglege spørsmål til UB i 1999 var om lag 930 000, medan det i 1998 var om lag 880 000.

Frå 1990 til 1999 har det vore ein samla auke i tilveksten av bøker og tidsskrifter på 34,7 %, men dei siste tre åra er tilveksten redusert. Når det gjeld det samla katalogiseringsarbeidet ved UB, var det ein auke i 1999. Ved slutten av 1999 var om lag 60 % av UB sin hovudkatalog konvertert.

Tildelingane til litteratur ved UB, inkl. tilskot frå fakultet mv., steig i nominelle beløp med om lag 700 000 kr., til vel 17,6 mill. kr. i 1999. Når ein tar omsyn til prisauken på litteratur, vart realverdien av litteraturmIDLane redusert med om lag 2 %. Om ein ser heile tiårsperioden 1990-99 under eitt, er realverdien av litteraturmIDLane no tilbake på om lag same nivå som i 1990.

Brukaropplæring/informasjonsformidling

Det vart i 1999 gjennomført 205 kurs/opplæringstiltak for UB sine brukarar (mot 195 i 1998). Biblioteket arbeider stadig med å integrere opplæring i bruk av aktuelle bibliotek- og informasjonssystem best mogleg i studieopplegga ved fakulteta, og på informasjonsmøte for nye studentar.

Det vart arrangert 18 utstillingar ved UB i 1999 (mot 16 i 1998).

Forskning og publisering

UB si avdeling for forskingsdokumentasjon har ført vidare sitt arbeid med å utvikle databasar (m.a. FORSKDOK) med sikte på å gje ei god og ajourført rapportering om resultata av den vitenskaplege verksemda ved UiB. I 1999 vart arbeidet med å byggje opp ein database over alle dei 1642 avhandlingane som er tekne ved UiB frå 1946 avslutta.

Når det gjeld elektronisk publisering, har arbeidet vore konsentrert om å planleggje ei web-basert teneste for formidling av samandrag til alle doktorgradsavhandlingar og hovudfagsoppgåver ved UiB.

Tre fagreferentar ved UB har i 1999 arbeidd med forskings- og utviklingsprosjekt. UB-tilsette har dette året gjeve ut tolv publikasjonar (mot 19 i 1998). Tilsette ved UB har i 1999 teke del i fire internasjonale samarbeidsprosjekt. Ein av dei tilsette ved UB tok dr.philos.-graden, og to tilsette tok hovudfagseksamen i 1999.

Styringsorgan

DET AKADEMISKE KOLLEGIUM Samansetning i 1999	
<p><i>Rektor:</i> Professor Kirsti Koch Christensen</p> <p><i>Prorektor:</i> Professor Sigmund Grønmo</p> <p><i>Vitskapleg personale:</i> Professor Bente Alver Professor Ingvild S. Gilhus Professor Stein Kuhnle Professor Anne Bjørg Tveit Professor Holger Ursin</p>	<p><i>Teknisk og administrativt personale:</i> Kontorsjef Britt Karin Muri Førstekonsulent Eli Mjøs Persen</p> <p><i>Studenter:</i> Stud.philol. Anita Mjelland Stud.polit. Alf Helge Greaker</p> <p><i>Eksterne medlemmer:</i> Adm.dir. Ingvild R. Myhre Adm.dir. Arne Skauge</p>

KOLLEGERÅDET Samansetning i 1999	
<i>Representantar</i>	<i>Vararepresentantar</i>
<p><i>Faste vitskapleg tilsette</i></p> <p><i>Det historisk-filosofiske fakultet</i> Dekanus Tore Grønlie Randi Koppen Jóan Pauli Joensen (perm. til 01.08.2000)</p> <p><i>Det juridiske fakultet</i> Dekanus Ernst Nordtveit Erling J. Husabø</p> <p><i>Det matematisk-naturvitskaplege fakultet</i> Dekanus Erling Sundvor Petter Larsson Anne Marit Blokhus</p> <p><i>Det medisinske fakultet</i> Dekanus Rolf Kåre Reed Sylvi Aanderud Arne Tjølsen</p> <p><i>Det odontologiske fakultet</i> Dekanus Kjell Bjorvatn Inge Fristad</p> <p><i>Det psykologiske fakultet</i> Dekanus Odd E. Havik Svein Rognaldsen</p> <p><i>Det samfunnsvitskaplege fakultet</i> Dekanus Georg Henriksen Bjørnar Tessem</p> <p><i>Ved heile universitetet</i> Gunnar Clausen Lita Greve Jensen</p>	<p>Prodekanus Ingvild Øye Odd Einar Haugen Lillian Helle</p> <p>Prodekanus Gudrun Holgersen Arnfinn Bårdsen</p> <p>Prodekanus Dag L. Aksnes Hans Petter Sejrup Jakob J. Stamnes</p> <p>Prodekanus Nils Erik Gilhus Steinar Hundskår Klaus Edvardsen</p> <p>Prodek. Anne C. Johannessen Tove Grevstad</p> <p>Prodekanus Bente Wold Øyvind Mikalsen</p> <p>Prodekanus Tor Halvdan Aase Olav Korsnes</p> <p>1. Dag Helland 2. Terje Espelid 3. Anna-Brita Stenstrøm 4. Gunhild Strand</p>

<p><i>Utan fakultetstilknytting</i> Pål H. Bakka</p> <p><i>Leiar for Rådet for Universitetsbiblioteket</i> Leiv K. Sydnes</p> <p><i>Mellombels vitskapleg tilsette</i> Anita Jacobsen Ole Reidar Vetaas Randi Gressgård</p> <p><i>Teknisk og administrativt tilsette</i> Thelma Kraft Frank Midtøy</p> <p>Wenche Hjertholm Natland Rolf Svellingen</p> <p>Lars Helge Nilsen Kristin Bakken</p> <p><i>Studentar</i> <i>HF:</i> Marte Mjøs Persen <i>JUS:</i> Anne Botne <i>MN:</i> Magnus Jensen <i>MD:</i> Øistein Johnsen <i>OD:</i> Geir Braseth <i>PS:</i> Dag Stormbo <i>SV:</i> Arild Helgøy <i>Studentrådet:</i> Sigrun Aasland</p>	<p>1. Regina K. Lein 2. Solveig Greve</p> <p>Nestleder Brita B. Hekland</p> <p>1. Knut Bergsvik 2. Oddrun Samdal 3. Jan Oskar Engene</p> <p>1. Bergit Utne Fjelde 2. Anita B. Koldingsnes 3. Thorolf Førde 4. Frode Lillestøl</p> <p>1. Rita Greiner-Simonsen 2. Berit Tviberg 3. Dag Hammerborg 4. Rune Herland</p> <p>1. Roald Vatne 2. Wenche Vårdal 3. Grethe M. Aarbakke 4. Kjetil Skog</p> <p>Bjørnar Sæbø Thomas Horn Ingrid Ofte Espen Fevang Siri Flagestad Kari Lorentzen Jan Olav Haukås</p>
---	---

DEKANAR 1999	
<i>Det historisk-filosofiske fakultet</i>	Professor Tore Grønlie
<i>Det juridiske fakultet</i>	Professor Ernst Nordtveit
<i>Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet</i>	Professor Eirik Sundvor
<i>Det medisinske fakultet</i>	Professor Rolf Kåre Reed
<i>Det odontologiske fakultet</i>	Professor Kjell Bjorvatn
<i>Det psykologiske fakultet</i>	Professor Odd E. Havik
<i>Det samfunnsvitenskaplege fakultet</i>	Professor Georg Henriksen